


# Pumpekraft i Noreg

## Kostnadar og utsikter til potensial

22  
2011

R A P P O R T





# **Pumpekraft i Noreg**

Kostnadar og utsikter til potensial

# Rapport nr 22 - 2011

## Pumpekraft i Noreg

**Utgjeve av:** Noregs vassdrags- og energidirektorat

**Redaktør:** Håvard Hamnaberg

**Forfattarar:** Håvard Hamnaberg og Vattenfall Power Consultant

**Trykk:** Hustrykkeriet til NVE

**Opplag:** 100

**Forsideillustasjon:** Rune Stubrud

**ISBN:** 978-82-410-0767-5

**ISSN:** 1501-2832

### **Samandrag:**

**Emneord:** pumpekraft, regulerkraft, vannkraft, vasskraft, fornybar

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

# Innhold

<b>Føreord .....</b>	<b>4</b>
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1 Kvifor studere pumpekraft? Fornybar energi og regulering.....	5
<b>2 Om potensial.....</b>	<b>6</b>
2.1 Nokre resultat frå effektprosjektet 1996-2000.....	8
2.2 Potensialet for pumpekraftverk .....	9
2.3 Data.....	9
<b>3 Val av kraftverk for kostnadssstudium.....</b>	<b>10</b>
<b>4 Vattenfall-studien: Kostnadar og tekniske løysingar .....</b>	<b>12</b>
4.1 Stoda i Tyskland .....	14
<b>5 Vidare arbeid.....</b>	<b>14</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>15</b>

# Føreord

NVE har registrert stor interesse i delar av offentlegheita rundt muligheten for å etablere pumpekraftverk i Noreg for å kunne tene pengar på utveksling med naboland som bygger ut mykje uregulert fornybar elektrisitetsproduksjon, t.d. vindkraft til havs.

Som eit bidrag til ordskiftet rundt dette har NVE fått utarbeidd ei vurdering av muligheter og kostnadar ved ombygging av nokre eksisterande vasskraftverk. NVE gjev også her sine syn på kva som skal til for å seie noko om potensialet for slik teknologi.

Hovudkonklusjonane frå studien, som er utført av Vattenfall, er at det er sterkt aukande spesifikke kostnadar di mindre pumpekraftverka er. Vidare ser det ut til at ei ombygging til pumpekraftverk i dei fleste tilfelle vil medføre svært omfattande endringar – mellom anna vil det nesten alltid verte etablert ny vassveg med større dimensjonar.

Investeringsnivåa for prosjekta er i milliardklassen, og føresetnadane for å gjere slike tiltak er uvisse, spesielt når det gjeld økonomiske tilhøve. Raske vasstandsreguleringar som ein snakkar om ved drift av pumpekraftverk vil også kunne ha miljøkonsekvensar som ein ikkje har mykje røynsle med.

NVE håper dette innspelet kan komme til nytte i strategiarbeid i norske kraftselskap, i akademisk arbeid og vere til opplysning for alle interesserte. Det er mange element ved pumpekraft og effektutveksling som kan studerast, og NVE tek gjerne mot innspel på tilhøve som bør studerast framover.

Fleire NVE-tilsette har vore med på å følgje opp dette prosjektet. Spesielt Kjell Erik Stensby og Fredrik Arnesen har komme med mange og gode innspel.

Oslo, oktober 2011

*Marit L. Fossdal*  
Marit Lundteigen Fossdal  
avdelingsdirektør

*Håvard Hamnaberg*  
Håvard Hamnaberg  
fung. seksjonssjef

# 1 Innleiing

Det norske energisystemet er energidimensjonert. Det vil seie at det først og fremst er bygd for å levere nok energi over året. Som regel gjev dagens system også tilstrekkeleg effekt til å møte etterspurnaden, sjølv i ekstreme situasjoner, men ein har i det siste sett at det er utfordringar både nasjonalt og regionalt.

Auken i kraftproduksjonen i Noreg dei seinare åra er dominert av uregulert produksjon i form av små vasskraftverk og vindkraft. Auken har også til dels komme i område som ikkje har hatt stor auke i etterspurnaden. Frå 2012 vil innføringa av ein elsertifikatmarknad auke takten på utbygginga av uregulert kraft. I det nordvestlege Europa elles er det eit tilsvarende bilet, men dimensjonane er større.

Utsiktene både heime og ute tilseier at ein undersøkje om ein bør bu seg på endra etterspurnad etter effekt og lagring av energi. Fagfolk og lekfolk har peika på at Noreg vil kunne tene på å vere tenesteleverandør til resten av Europa. Ei mykje brukta formulering er at dette vil kunne foredle norsk vasskraft. Formuleringar som dette er basert på at magasina våre samla sett kan lagre store mengder energi og at vasskraftverk og pumpekraftverk er ein av dei mest kostnadseffektive måtane vi har for å sikre balanse mellom produksjon og forbruk.

Det er ikkje lett utan vidare å vurdere i kva grad Noreg kan tene pengar på å levere batteritenester til Europa, men NVE meiner det er verdt å sjå nærmare på dette. Vi har allereie publisert arbeid<sup>1</sup> som studerer effektutvidingar i større, eksisterande kraftverk. Pumpekraftverk har også lenge vore brukta for å regulere produksjon i høve variasjonar i forbruket, men det er førebels ingen pumpekraftverk i Noreg som er bygd for å regulere på kort sikt. For å styrke kunnskapen om moglegheitene for å etablere pumpekraftverk i Noreg har NVE difor fått gjort ein studie av korleis pumpekraftverk kan utformast og kva det kostar å bygge pumpekraftverk mellom allereie eksisterande magasin.

Ein kan ikkje berre basert på kostnadene og utforminga slutte noko om potensialet for pumpekraftverk i Noreg, men det er ein start på eit arbeid som kanskje kan gjere det lettare å vurdere i kva grad dette kan vere muleg.

## 1.1 Kvifor studere pumpekraft? Fornybar energi og regulering

NVE sin motivasjon for å vurdere omfanget av ein ressurs vil alltid vere mulegheitene for verdiskaping for det norske samfunnet, anten direkte i form av inntekter, eller indirekte i form av forsyningssikkerheit eller andre mindre monetariserte tenester.

Når det gjeld pumpekraft spesielt vil den mulege nytten kunne vere:

- Inntekter frå utanlandske kraftmarknadar via prisarbitrasje
- Inntekter frå sal av regulertenester til utlandet
- Betre utnytting av kraftnettet innanlands
- Betre forsyningssikkerheit lokalt i Noreg

---

<sup>1</sup> NVE-rapport 10 – 2011: Økt installasjon i eksisterende vannkraftverk

Det er ikkje slik at det er eit stor etterspurnad etter tenester frå pumpekraftverk i Noreg i dag, og mykje av ordskiftet i det profesjonelle miljøet har sentrert seg rundt inntekter frå handel med utlandet.

Det internasjonale energibyrået har studert fleire kraftmarknadar og konkludert med at det er rom for svært mykje uregulert fornybar kraftproduksjon i Norden<sup>2</sup>. Dei nyttar omgrepene PVP – penetrasjonsgrad for variabel fornybar energi – for å seie noko om det eksisterande systemet sin evne til å handtere uregulert produksjon.

IEA etablerer ein metodikk for å gjere denne vurderinga, der dei tek omsyn til dei tekniske reguleringsmuleheitene som finst i systemet. For Norden sin del finn dei at det ”toler” eit tillegg på 48 prosent uregulert fornybar energi. Dersom det stemmer, vil det vere lite truleg vere ein marknad for pumpekraft i Noreg i overskodeleg framtid.

Men denne IEA-analysen er berre ein analyse på eit svært overordna nivå. Dei åtvarar sjølv om at inngående studiar må gjerast av kraftsystema for å finne ut kor mykje uregulert produksjon dei kan handtere.

Ein annan studie<sup>3</sup> av korleis Tyskland kan omdanne seg til ein økonomi basert 100 prosent på fornybar energi legg opp til at Noreg i eitt scenario skal kunne levere 42 000 MW effekt til Tyskland for å dekke opp for uregulert kraft. Eit vedlegg til denne rapporten presenterer den historiske utviklinga for pumpekraft i Tyskland og drøftar dagens situasjon.

NVE har ikkje gjort eigne analysar av muleg framtidig etterspurnad etter reguleringstenester frå Noreg, men det ser ut til at dersom dette vert aktuelt vil det vere handel med utlandet som vil vere den mest sannsynlege motivasjonen for å utvikle pumpekraft i særleg grad i Noreg.

Det er også muleg at pumpekraft kan verte nytta for å betre forsyningssikkerheita lokalt/regionalt i det norske kraftsystemet eller for å gjere rom for meir uregulert fornybar energi enn det elles ville vore i kraftnettet, men dette er etter det NVE kjenner til ikkje studert.

## 2 Om potensial

NVE har lenge gjort analysar av potensialet for ulike energiteknologiar, spesielt når det gjeld vasskraft og vindkraft. Slike analysar baserer seg på ei vurdering av det fysiske energipotensialet frå naturen si side, og tek seg via ulike omsyn som miljø og kostnadars til eit økonomisk potensial sett i lys av marknaden eller myndigheitene sin betalingsvilje.

Alle slike analysar NVE har gjort har vore orientert mot energi, og stort sett gjeve svar på kor mange kWh som kan produserast i eit normalår ved ein viss betalingsvilje. Ein har ikkje vurdert mulege tilbakekoplingseffektar, slik som lågare pris dersom ein stor del av potensialet vert realisert. Miljø har heller ikkje vore spesifikt vurdert – ein har berre teke omsyn til verneplanar og liknande.

---

<sup>2</sup> IEA (2011), Harnessing variable renewables, Paris

<sup>3</sup> Sachverständigenrat für Umweltfragen (2011), [Wege zur 100 % erneubaren Stromversorgung](#), Erich Schmidt Verlag, Berlin, s. 100.

Når ein skal vurdere potensialet for effekt er det ikkje like beint fram som når ein vurderer potensialet for energi. For å illustrere utfordringa kan ein spørje: Kva form ønskjer ein på svaret? Er det i MW, er i MW i eit visst tal timer, er det kroner nytte, er det relatert til kor mykje uregulert fornybar energi som kan støttast?

Sjølv om det for ein teknologi, som vasskraft, vil vere muleg å gjere vurderingar av det fysiske grunnlaget for å levere effekt, melder det seg vanskar når ein skal stille opp dei naudsynte sideomsyna for å komme fram til eit svar.

For å komme fram til ei form for potensial for pumpekraft, må ein ha oppfatningar om (minst) følgjande element:

- Kva er det fysiske grunnlaget?
  - Når det gjeld vasskraft reknar vi med at dei fysiske føresetnadane i stor grad allereie er kjent. NVE sit på kunnskap om hydrologi, topografi og om allereie utbygd vasskraft i Noreg.
- Kva er kostnadane knytt til å realisere muleheitene?
  - NVE publiserer jamleg eit kostnadsgrunnlag for vasskraftverk, men dette inkluderer ikkje kostnadar for maskiner og elektronikk som er spesifikk for pumpekraftverk. NVE er heller ikkje van med å vurdere tekniske løysingar for pumpekraftverk.
- Kva slags, og kor store, inntekter kan ein vente seg?
  - Pumpekraftverk har to hovudinntektskjelder: Prisarbitrasje og systemtenester. Prisarbitrasje vil seie at kraftverket kjøper energi når prisane er låge og sel energi når prisane er høgare. For å vurdere inntektsgrunnlaget er det naudsynt å gjere seg opp ei meining om prisbiletet framover. Systemtenester er tenester som ikkje er knytt til energi, som systemansvarlege kan nytte for å regulere spenning og frekvens i nettet. Det er ulike modellar for betaling for slike tenester, men ofte er det snakk om langsiktige avtalar med systemansvarlege.
- Kva miljørestriksjonar kan ein vente seg?
  - Vi har nokså få pumpekraftverk i Noreg i dag, slik at vi ikkje veit ut frå røynsle korleis konsesjonsmyndighetene og miljømyndighetene vil vurdere eventuell pumpekraft. Det vart gjort ein god del arbeid for å kartlegge miljøeffektar i Forskringsrådet sitt prosjekt "Effektregulering – Miljøvirkninger og konfliktreduserende tiltak," i andre halvdelen av 1990-talet.
- Kva slags systemmessige krav kan pumpekraftverka få?
  - Det kan tenkast at myndighetene vil stille krav til eventuelle pumpekraftverk motivert av forsyningstryggleik, slik som kor lenge kraftverka til ei kvar tid må kunne levere effekt.

NVE har ikkje studert alle elementa over, og har ikkje ambisjonar om å estimere eit potensial for pumpekraftverk i Noreg her. Denne studien vil i hovudsak bidra til å auke

kunnskapen om kostnadene, noko som er eitt av fleire element ein må ha kunnskap om for å kunne nærme seg å seie noko om potensial.

## 2.1 Nokre resultat frå effektprosjektet 1996-2000

Noregs forskingsråd finansierte i 1996-2000 eit forskingsprosjekt som krinsa om effekt og miljø. Det fulle namnet på prosjektet var ”Effektregulering – miljøvirkninger og konfliktreduserende tiltak,” og deltakarane var utanom forskingsrådet Energiforsyningens fellesorganisasjon (No Energi Norge), Statkraft, Direktoratet for naturforvalting og NVE.

Dette prosjektet var motivert av endra føresetnadene for kraftsystemet etter innføringa av den frie marknaden med energilova i 1990. Pumpekraft var ikkje på agendaen, men ein studerte korleis auka ”effektkøyring,” altså meir start og stopp, påverka naturmiljøet for å finne fram til mulege tiltak for å mildne effektane av slik køyring. Slik påverknad var studert både for elvar og innsjøar.

Forskningsprosjektet produserte ei rad rapportar, både når det gjeld biologiske og fysiske tilhøve. Nokre av resultata kan vere til nytte når ein går vidare for å vurdere potensialet for pumpekraftverk i Noreg, sjølv om pumpekraftverk er eit anna konsept enn rein effektkøyring. Sluttrapporten<sup>4</sup> listar opp ein del parametrar for kva typar magasin som kan eigne seg til effektkøyring:

Faktorer <b>Grad av virkning</b>	Tidligere benyttet regulerings- høyde	Magasin- volum	Basseng -form	Botn- topografi	Løs- masser	Sediment -tilførsel fra nedbørs- felt
1) Potensielt små miljøvirkningar	Stor > 10 m	Stort > 100 mill. m <sup>3</sup>	Dypt > 10 m  Bratte strender	Jevnt dypt	Ingen	Liten
2) Potensielt større miljøvirkningar	Liten < 2 m	Lite < 20 mill. m <sup>3</sup>	Grunt < 10 m  Slake strender	Grunne terskler	Mye, finere masser	Stor

Tabell 1: Magasinklassifisering - Magasin der ein overgang frå sesongregulering til effektregulering potensielt vil gje få/ingen eller større miljøverknadar. Frå NVE/Statkraft Grøner (2001)

<sup>4</sup> ”Sluttrapport for FoU-prosjektet ”Effektregulering – Miljøvirkninger og konfliktreduserende tiltak,” 1996-2000, NVE/Statkraft Grøner, Oslo, 2001

Ein parameter som ikkje er nemnt her, men som kan vere relevant, er kor raske endringar ein aksepterar i magasin. Det finst ingen reglar for dette i dag, men Sintef<sup>5</sup> har peika på 13 cm i timen som ein grenseverdi for raskt ein kan akseptere vassstandsendringar i elvar.

Sluttrapporten for Forskningsrådet sitt arbeid<sup>6</sup> peikar på ein god del FoU-arbeid som bør gjerast framover, mellom anna ei miljøklassifisering av norske vasskraftmagasin for å finne ut kva for magasin som er eigna for korttidsregulering. Det er ikkje kjent for forfattaren om dette er gjort, men mykje data kan komme til å verte samla inn i samband med vassdirektivet.

## 2.2 Potensialet for pumpekraftverk

NVE har ikkje gjort ein analyse av kor det kan vere potensial for å etablere pumpekraftverk. Ein slik analyse vil måtte gjere ei rad føresetnadane vi ikkje er i stand til å gjere no, m.a. knytt til kraftnettet, køyrestrategi, marknadssituasjonen, miljørestriksjonar osb.

Ein fullstendig analyse vil måtte gjerast ved å gå gjennom den norske topografien for å vurdere alle stadar det er muleg å etablere pumpekraftverk, og rekne på om det, ut frå dei naudsynte føresetnadane, vil vere økonomi i å gjere ei slik etablering. Ein analyse av denne typen vil eigne seg for GIS-analyse (geografiske informasjonssystem).

Før ein fullstendig analyse er på plass, er det naturleg å studere det eksisterande vasskraftsystemet. Ei enkel tilnærming kan vere at det er sannsynleg at pumpekraftverk lettast til verta etablert der det allereie er reguleringar i vassdraga. Vidare er det truleg lettast å etablere pumpekraftverk mellom regulerte magasin som allereie er tungt påverka av vasskraft. NVE har difor sett litt på kva eksisterande data kan fortelje oss.

## 2.3 Data

NVE har godt oversyn over norske vasskraftverk og vasskraftsystem. I dei eksisterande databasane er det registrert både informasjon om sjølve kraftverka og om dei regulerte magasina dei er kopla til oppstraums.

Kva som ligg nedstraums kraftverket har NVE ikkje registrert frå før, men i samband med dette arbeidet har vi gjort ei slik registrering. Vi har gått gjennom den informasjonen som ligg i NVE Atlas<sup>7</sup> og registrert korleis utløpet er – om det er til elv, innsjø, fjord eller regulert magasin.

Desse data er enno ikkje lagt inn i databaseverket til NVE, men er lagt ved denne rapporten.

Det er mange (over 100) kraftverk som ligg mellom to regulerte magasin. Dersom vi nyttar resultata frå dei kriteria for effektkøyring som vart sett opp i effektprosjektet 1996-2000, og berre inkluderer dei stadane der det ligg kraftverk mellom magasin som begge er over 100 millionar m<sup>3</sup>, er det derimot berre rundt 20 aktuelle lokasjonar.

---

<sup>5</sup> Harby et. al., Sintef (2004), Raske vannstandsendringer i elver – Virkninger på fisk, bunndyr og begroing. TR A5932.

<sup>6</sup> NVE/Statkraft Grøner (2001), s. 53-54

<sup>7</sup> <http://atlas.nve.no/>

Tabell 2 syner desse magasina. Merk at ”Volum oppstraums magasin” inkluderer alle regulerte magasin som ligg oppstraums kraftverket og som ikkje leverer til eit anna kraftverk.

Namn på eksisterande vasskraftverk	Volum oppstraums magasin (Mm <sup>3</sup> )	Volum nedstraums magasin (Mm <sup>3</sup> )	Brutto fallhøgd
AURLAND II H	186	194	500
BOGNA	150	165	290
DUGE	1400	340	220
FINNDØLA	126,6	218,3	298
FJONE	223,5	222,8	258
GRÅSJØ	205	179	55
HODNABERG	177	175	300
HOLEN I-II	1268,4	296	250
KVINEN	104	275	120
ROSKREPP	695	104	88
RØLDAL	326,7	115	365
RØYRVIKFOSS	496	490,4	28,5
HOLEN III	275,9	296	610
SONGA	750	258	286,7
TUNNSJØ	230	440	60
TYSSO II	483,2	426	725
BLÅFALLI V	102	151,7	56

Tabell 2: Vasskraftverk som har både oppstraums- og nedstraums magasinkapasitet større enn 100 Mm<sup>3</sup>. Volum oppstraums magasin viser til alle oppstraums magasin (opp til neste kraftverk).

Dette kan slik stoda er no berre sjåast som eit noko tilfeldig utval. Det er lite truleg at det vil verte innført skjematiske reglar som at magasinet må vere av ein viss storleik for å kunne nyttast til pumpekraft. Som med all bruk av vassdrag vil dei spesifikke tilhøva verte vurdert opp mot nytten ved eventuelle tiltak.

### 3 Val av kraftverk for kostnadsstudium

For å finne ut korleis ein bygger om eit eksisterande vasskraftsystem til pumpekraftverk, og ikkje minst for å finne ut kva det kostar, har NVE valt ut fire kraftverk som Vattenfall Power Consultant har rekna på.

Utgangspunktet for NVE sitt val av eksempelkraftverk har vore etablerte kraftverk mellom regulerte magasin. Det har vore fokusert på relativt små kraftverk, dels av di andre har sett på store kraftverk, dels av di ein har vore interessert i å kunne sjå på lokal nytte av pumpekraftverk.


Det fyrste kriteriet som vart lagt til grunn var at det skulle vere fysisk muleg å etablere eit pumpekraftverk på staden utan nye reguleringar. Vidare vart det lagt vekt på at det skulle kunne vere i eit område der det nettmessig kunne spele ei positiv rolle. Til sist vart det lagt vekt på at det potensielle pumpekraftverket låg i eit område der det er eller kunne bli

mykje uregulert fornybar kraftproduksjon. Spesiell vekt vart lagt på dei områda Havvindrapporten<sup>8</sup> peika på.

Til sist vart det søkt å ha ein viss variasjon i dei fysiske tilhøva når det gjaldt magasinvolum og fallhøgd, for å få rekna på eit spenn av oppsett.

Etter denne nokså subjektive utvalsprosessen landa vi på desse fire kraftverka: Trollfjord, Lassajavrre, Fagervollan, og Blåfalli V.

Tre av kraftverka ligg i Nord-Noreg, noko som reflekterer flaskehalsar i kraftnettet og fleire område for havvind. Blåfalli V er det einaste i Sør-Noreg, og er mellom anna velt grunna mykje småkraft i området.



Figur 1: Eksempelkraftverk.

<sup>8</sup> <http://www.nve.no/no/Havvind/>

Dei presise vilkåra som desse hypotetiske pumpekraftverka bør dimensjonerast for har ikkje vorte spesifisert. Det har slik ikkje vore muleg å avgjere kor mange pumpeprodusere-syklusar kraftverka bør byggast for. Difor har ein valt å rekne på tre ulike innretningar på kraftverket for kvar stad.

Dei tre ulike innretningane er definert ut frå tida det tek å tømme eller fylle det minste magasinet. Desse tømme/fylletidene er 24 timer, 72 timer eller 60 dagar. I tilfelle er det rekna på fire ulike utformingar, slik at det samla sett er sett på 14 alternativ.

## 4 Vattenfall-studien: Kostnadar og tekniske løysingar


Etter ein konkurranse på tampen av 2010 fekk Vattenfall Power Consultant (VPC) i oppdrag å rekne på kostnadar ved å etablere pumpekraftverk på dei fire stadane NVE peika på. Det vart samla inn data frå samarbeidsvillige kraftverkseigarar og det vart halde eit møte mellom eigarane, VPC og NVE i Bodø i april 2011.

VPC har sett på tre til fire ulike utformingar av kvart kraftverk. Dei ulike alternativa representerer ulike driftsstrategiar. Slukeevna til dei teoretiske pumpekraftverka er sett slik at dei vil kunne tømme det minste magasinet på 24 timer, 72 timer eller 60 dagar. Sett bort frå eitt alternativ (Fagervollan alternativ V3) er det valt å etablere ny vassveg, noko som tilseier at det ikkje naudsynleg er slik at ein bør låse seg for mykje til det eksisterande vasskraftsystemet når ein vurderer nasjonale potensial.

Kostnadane er oppgjeve i kroner/watt (MNOK/MW), og det ser ut til å vere ein god samanheng mellom effekt og spesifik kostnad. Tendensen er at dei kraftverka som har få syklusar per år er svært mykje dyrare per effekteining enn dei kraftverka som er planlagt for mange syklusar.

Figur 2 syner ei samanlikning av kostnadane for dei alternativa det er rekna på, relativt til installert effekt.

Det er store investeringar som skal til for å etablere pumpekraftverk. Det minste kraftverket som er rekna på har ein investeringskostnad på 323 millionar kroner, medan det største, som er på nesten 1500 MW, krev ei investering på om lag 4,7 milliardar kroner.




**Figur 2: Kostnad for pumpekraftverk**

Det er ikkje sikkert at investeringskostnad per effekteining er den beste måten å representera kostnadane på. Ein kan få fram eit anna bilet ved å studere kva slags prisskilnadar kraftverket treng for å gå i balanse.

NVE har på basis av kostnadsdata og tekniske data frå Vattenfall-studien gjort eit tankeeksperiment for å illustrere skilnadar i lønsemid mellom dei 14 alternative kraftverka. Vi har lagt til grunn ein langsiktig kraftpris på 40 øre/kWh, gått ut frå at kraftverket vert køyrt i anten pumpe- eller produksjonsmodus i om lag 75 prosent av tida, og at verknadsgraden på ein syklus er 80 prosent.

Desse føresetnadane er brukte for å samanlikne med kor stor prisskilnad kraftverka treng mellom den krafta det kjøper og den krafta dei sel til ein ”topplastpris” for å betale avdraga på eit lån med 6,5 prosent rente og 20 års tilbakebetalingstid. Driftskostnadane er representert ved ein årleg kostnad på 1 prosent av totalinvesteringa.

I dette scenarioet vil dei fleste kraftverka trenge meir enn 20 øre/kWh i prisskilnad mellom den krafta dei kjøper for å pumpe og den krafta dei sel for å nærme seg lønsemid.



Figur 3: Naudsynte prisskilnadar for pumpekraftverka.

## 4.1 Stoda i Tyskland

Tyskland er eit viktig land når det gjeld pumpekraft. Både mykje av teknologiutviklinga, ein del av dei eksisterande kraftverka og mykje av den potensielle etterspurnaden er knytt til Tyskland - den største økonomien i Europa.

Eit vedlegg til denne rapporten går gjennom utviklinga av pumpekraft i Tyskland, både når det gjeld teknologi og marknad. Her vert det peika på korleis det termiske systemet har gjort pumpekraft lønsamt, men det vert også synt korleis fornybarsatsinga endrar tilhøva og gjer pumpekraft meir attraktivt.

Dette vedlegget går også gjennom betalingsstrukturen og –nivåa for pumpekrafttenester i Tyskland.

## 5 Vidare arbeid

NVE planlegg å halde fram arbeidet med å studere mulegheiter og avgrensingar for pumpekraft i Noreg. I nærmeste framtid er det planlagt å studere nærmare kva slag miljøproblem som vil dominere ved drift av pumpekraft mellom etablerte vasskraftmagasin. Det er også planlagd å sjå nærmare på korleis slike kraftverk vil kunne påverke kraftnettet.

NVE ønsker også å halde fram å bidra til arbeid som vert utført andre stadar, og vil spesielt nemne arbeidet som går føre seg ved forskingssenteret Cedren og i regi av Energi Norge.

# **Vedlegg**

- A. Vattenfall sin rapport
- B. Vattenfall – notat om pumpekraftverk i Tyskland
- C. Oversyn over norske vasskraftverk som ligg mellom regulerte magasin



**3191400**



# Kostnadars för pumpkraftverk

Kostnadars för ombygging till pumpkraftverk

Mai, 2011



Type dokument	Dokument identitet	Rev. No.	Rapportdato	Prosjektnr
<b>RAPPORT</b>	1		31. Mai, 2011	3191400
Forfattarar	Prosjektnamn <b>Kostnad for ombygging til pumpekraftverk</b>			
Erlend Aamot, Tobias Felber, Peter Strohmer, Per-Erik Söder, Jörgen Tuomi				
Kunde NVE	Gjennomgått av <b>Morten Sollien</b>			
	Godkjent av <b>Erlend Aamot</b>			
Kopi		Ant. sider 91	Ant. vedlegg 4	

## Kostnad for pumpekraftverk

### SAMANDRAG

Vattenfall Power Consultant har på oppdrag frå Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE), vurdert kostnadane for bygging av pumpekraftverk i Noreg.

Pumpekraftverk er vurdert på fire stader i landet der det finst eksisterande kraftverk og magasin. På kvar stad har ein vurdert ulike tekniske design som representerer ulike rollar kraftverket kan ta i kraftsystemet. Totalt er 14 ulike alternativ vurdert.

Dei ulike alternativa varierer i storleik frå 18 MW for det minste pumpekraftverket, til nesten 1500 MW for det største. Det er også ei stor spennvidde når det gjeld fleksibilitet og driftsområde for dei ulike alternativa.

Den spesifikke kostnaden for dei ulike designa varierer frå 3,2 til 20 MNOK/MW. Generelt er dei største alternativa billigare pr. MW enn dei små. Det største alternativet som er vurdert representerer ei investering på om lag 4,7 milliardar for 1458 MW. Estimert kostnad for det minste kraftverket på 18 MW er 323 millionar.

Denne rapporten er det første steget i eit større arbeid NVE er i gong med for å kartlegge potensialet for pumpekraft i Noreg. Dette er ein tidlegfase skrivebordsstudie der målet har vore å finne eit realistisk kostnadsnivå for pumpekraft i Noreg heller enn å finne optimale design for kvart enkelt kraftverk.

Fleire viktige aspekt med pumpekraft er ikkje handsama her, men vil verte studert i seinare prosjekt. Dette gjeld mellom anna nettproblematikk, miljøaspekt og innverknad på eksisterande kraftverk nedstraums pumpekraftverka. Kostnadane som er presentert her inkluderer difor ikkje kostnadar for nettilknyting eller kostnadar for eventuelle produksjonstap nedstraums.

## INNHOLD

1	INNLEIING .....	4
1.1	Føremål .....	4
1.2	Bakgrunn .....	4
1.3	Omfang og avgrensingar .....	4
1.4	Struktur .....	5
2	TEKNISK BAKGRUNN .....	6
2.1	Oversikt.....	6
2.2	Ternære aggregat og reversible pumpeturbinar.....	6
2.3	Generelt om design av reversible Francis pumpeturbinar .....	7
2.4	Turtalsregulert pumpeturbin.....	8
3	METODE .....	14
3.1	Dimensjonering .....	14
3.2	Design av elektromekanisk utstyr .....	14
3.3	Design av bygningstekniske arbeid .....	19
3.4	Utrekning av kostnadar.....	21
3.5	Ordliste .....	21
4	LASSAJAVRRE .....	23
4.1	Eksisterande kraftverk og magasin.....	23
4.2	Generell layout for pumpekraftverket.....	24
4.3	Lassajavrre V1 – 1 dag.....	27
4.4	Lassajavrre V2 – 3 dagar, 2 aggregat .....	30
4.5	Lassajavrre V2.1 – 3 dagar, 4 aggregat .....	32
4.6	Lassajavrre V3 – 60 dagar.....	35
4.7	Alternative løysingar Lassajavrre .....	38
4.8	Kostnadssamanlikning av alternativa .....	38
5	FAGERVOLLAN .....	40
5.1	Eksisterande kraftverk og magasin.....	40
5.2	Generell layout for pumpekraftverket.....	41
5.3	Fagervollan V1 – 1 dag.....	43
5.4	Fagervollan V2 – 3 dagar .....	46
5.5	Fagervollan V3 – Bruk av eksisterande vassveg .....	48
5.6	Alternative løysingar .....	53
5.7	Kostnadssamanlikning av alternativa .....	53
6	TROLLFJORD .....	54
6.1	Eksisterande kraftverk og magasin.....	54
6.2	Generell layout for pumpekraftverket.....	55
6.3	Trollfjord V1 – 1 dag .....	57
6.4	Trollfjord V1.1 – 1 dag, 4 aggregat .....	60
6.5	Trollfjord V1.2 – 1 dag, 4 aggregat, utvida øvre magasin .....	63
6.6	Trollfjord V2 – 3 dagar .....	67
6.7	Alternative løysingar .....	70
6.8	Kostnadssamanlikning av alternativa .....	70
7	BLÅFALLI V .....	72
7.1	Eksisterande kraftverk og magasin.....	72
7.2	Generell layout for pumpekraftverket.....	73
7.3	Blåfalli V1 – 1 dag .....	76
7.4	Blåfalli V2 – 3 dagar, 2 aggregat .....	80

7.5	Blåfalli V3 – 60 dagar, 1 aggregat .....	83
7.6	Alternative løysingar .....	86
7.7	Kostnadssamanlikning av alternativa .....	86
8	OPPSUMMERING OG KONKLUSJONAR .....	88
9	KJELDER .....	90
10	VEDLEGG .....	91
	Vedlegg 1: Lassajavrre teikningar og utrekningar .....	91
	Vedlegg 2: Fagervollan teikningar og utrekningar .....	91
	Vedlegg 3: Trollfjord teikningar og utrekningars .....	91
	Vedlegg 4: Blåfalli V teikningar og utrekningars .....	91

# 1 INNLEIING

## 1.1 Føremål

Vattenfall Power Consultant har på oppdrag for Noregs vassdrags- og energidirektorat rekna ut kostnadene for bygging av pumpekraftverk knytt til fire eksisterande kraftverk i Noreg.

For kvart anlegg har tre til fire ulike tekniske løysingar blitt evaluert, relatert til ulike roller som pumpekraftverk kan ha i kraftsystemet. Totalt har 14 ulike designløysingar blitt evaluert med ein detaljeringsgrad omrent tilsvarende det som er brukt i "Samla Plan for Vassdrag".

I tillegg til å få realistiske kostnadsestimat for dei fire anlegga, har målet med studien vore å lage ein slags referansedatabase som skildrar kostnadane for ulike løysingar av pumpekraftverk i Noreg. Ein slik referansebase kan vere nyttig i ein tidleg fase for utviklarar av pumpekraftprosjekt, men kan også nyttast som diskusjonsgrunnlag i ein debatt om pumpekraftverk og Noreg si rolle i det europeiske kraftsystemet.

## 1.2 Bakgrunn

Denne rapporten er første steg i eit større prosjekt i NVE med å kartlegge kostnadene og moglegheiter for pumpekraft i Noreg. I denne omgang er det valt å sjå på pumpekraft i samanheng med uregulert kraftproduksjon lokalt i Noreg. NVE har valt fire eksempelkraftverk, der tre er lokalisert i område med betydeleg vindkraftpotensial. Det fjerde er lokalisert i eit område med stort potensial for småkraftverk.

Dei fire valte kraftverka er Fagervollan i Rana kommune, eigd av Helgelandskraft AS, Blåfelli V i Kvinnherad kommune, eigd av SKL Produksjon AS, Lassajavrre kraftstasjon i Kvænangen kommune, eigd av Kvænangen Kraftverk AS, og Trollfjord I og II i Hadsel Kommune, eigd av Trollfjord Kraft AS. Alle kraftverka har både eit øvre og nedre magasin, for å tillate pumping mellom magasina.

## 1.3 Omfang og avgrensingar

Denne rapporten er ein tidlegfase skrivebordsstudie der hovudmålet har vore å finne moglege design av pumpekraftverk i Noreg og vurdere kostnadene for desse.

Dei tekniske løysingane som er presentert her er berre eit sett av moglege løysingar, og det må takast høgd for at ein i vidare studiar og optimalisering av anlegga vil kunne komme fram til andre og betre måtar å bygge anlegga på.

Når det gjeld kapasiteten til pumpekraftverka er det ikkje gjennomført noko optimalisering. I staden har ein nytta tommelfingerreglar som korresponderer til ulike roller som kraftverka kan ha i kraftsystemet. Dette er vidare forklart i avsnitt 3.1

Av di teknisk design har vore på førstudienivå er det fleire aspekt knytt til prosjekta som ligg utanfor omfanget til denne rapporten, og ikkje vorte vurdert.

Eit slik aspekt er nettrelaterte problemstillingar. Kostnadene som er funne her inkluderer kostnaden for sjølv kraftverka til og med hovedtransformatoren. Kostnadene for nettilknyting og naudsynte tiltak i nettet er ikkje inkludert. I det heile er ikkje forholda verken i lokal-, regional-, eller sentralnettet vurdert her. Det er derimot klart at fleire av planane som er presentert vil ha store konsekvensar for nettet, og vil truleg berre kunne gjennomførast i samband med større nettoprosjekt og truleg også større vindkraftutbyggingar.

Andre aspekt som ikkje er vurdert er miljø og konsekvensar for eksisterande kraftverk nedstraums pumpekraftverka. Med tanke på det siste punktet, er det klart at nokre av pumpekraftverka som er presentert her potensielt kan medføre produksjonstap i kraftverka nedstraums.

Både nettrelaterte aspekt, miljøaspekt, konsekvensar for kraftverk nedstraums og andre sider ved bygging av pumpekraftverk er tema som truleg vil bli vurdert i andre studiar frå NVE.

## 1.4 Struktur

Denne rapporten har blitt strukturert på følgjande måte: Sidan det finst relativt lite erfaring med pumpekraftverk i Noreg, gir kapittel 2 ein kort introduksjon til turbin- og generatorteknologi som er vanleg å nytte i pumpekraftverk.

Kapittel 3 omtalar metodologien som er nytta for design av pumpekraftverk i denne rapporten. Kapittelet startar med å omtale prinsippet som er nytta for dimensjonering av pumpekraftverka. Kapittelet er vidare delt inn i avsnitt som omtalar design av elektromekanisk utstyr og bygningstekniske arbeid. Kvart av desse to avsnitta startar med ein oversikt over trinna brukt i designprosessen. Deretter følgjer ein diskusjon av dei viktigaste inndata som er vurdert i designprosessen, og detaljar om kvart av dei ulike trinna i prosessen. Til slutt kjem ei kort ordliste med forklaring av uttrykk som blir brukt i rapporten.

Kapittel 4 til 7 omtalar dei tekniske løysingane som er valt for det einskilde kraftverket og ei forklaring av kvifor desse er valt. Kvart enkelt kapittel startar med ein omtale av det eksisterande kraftverket og tilhøyrande magasin. Vidare kjem ein oversikt over dei alternative løysingane som er studert for det kraftverket, og ein gjennomgang av dei designvurderingane som er felles for alle alternativa. Ein diskusjon rundt dei inndata som er omtala i kapittel 3 er ein del av dette. Etter dette følgjer avsnitt med detaljar om kvart av alternativa. Omtalen av kvart alternativ er delt opp i avsnitt om elektromekanisk utstyr og avsnitt om bygningstekniske arbeid.

Sidan den bygningstekniske designen i dei fleste tilfeller er relativt lik for alle alternativa for eit gitt kraftverk er dette omtala mest detaljert i innleiinga av kvart kapittel. I avsnitt for bygningsteknisk design under kvart alternativ er det berre ein kort omtale av kva som er unikt for det gitte alternativet, saman med utvalde tal for alternativet.

Når det gjeld elektromekanisk design er den mest detaljerte omtalen gitt i avsnitta om dei einskilde alternativa, mens det berre er ein kort omtale i innleiinga.

Sist i omtalen av kvart alternativ er det eit kostnadsestimat for alternativet. I slutten av kvart kapittel er det laga eit samanlikning som viser kostnadene for dei ulike alternativa til kraftverket.

Til slutt gir kapittel 8 eit samandrag av resultata og samanliknar kostnadane mellom dei ulike kraftverka og alternativa. Kapitlet inneheld også ein kort diskusjon og nokre konklusjonar.

Legg merke til at data som er presentert i kapittel 4-7 berre er hovuddata for dei ulike alternativa. Bak desse finst det relativt detaljerte design og kostnadsdata. For dei som er interessert i detaljane, er tilleggsinformasjon angåande design presentert i Vedlegg 1-4.


## 2 TEKNISK BAKGRUNN

### 2.1 Oversikt

Dette kapitlet omtalar kva for tekniske løysingar for elektromekanisk utstyr som er aktuelle for pumpekraftverk, og generell bakgrunn rundt dette. Kapitlet startar med å presentere dei to hovudtypane løysingar for å kunne oppnå både pumpe og turbindrift i same kraftverk. Vidare kjem noko generell bakgrunn rundt design av pumpeturbinar. Til slutt følgjer ein omfale av teknologien rundt turtalsregulerte aggregat. Dette er ein teknologi som er viktig i dei designløysingene som er valde i denne rapporten, som ein vil sjå i kapittel 4.7.

### 2.2 Ternære aggregat og reversible pumpeturbinar

Ein pumpeturbin kan enten bli designa som ein reversibel Francis-pumpeturbin eller som eit ternært aggregat med eit løpehjul og ei roterande pumpe på same aksling. Løpehjulet til ein reversibel Francis-pumpeturbin er designa for både turbin- og pumpedrift. For eit ternært aggregat er løpehjulet berre designa for turbindrift, og pumpa berre for pumpedrift. Eksemplar på dei to ulike designa er vist i figur 2.1.



Figur 2.1. Eksempel på ternært aggregat (til venstre) og reversibel Francisturbin (til høgre) Kjelde. Voith Hydro.

Ternære aggregat er mest nytta for pumpekraftverk med store trykkhøgder ( $h > 400 \dots 600 \text{ m}$ ) (til dømes i Østerrike og Sveits). Reversibel pumpeturbin er mest nytta ved låge

trykkhøgder ( $h < 400 \dots 600$  m). Fordelane med reversible pumpeturbinar er eit kompakt aggregat, lågare investeringskostnadar og lågare kostnadar for vedlikehald og drift. Ei samanlikning av dei to alternativa er vist i tabell 2.1.

Konsept	Ternært aggregat	Reversibel pumpeturbin
Investering	-	+
Plassbehov	-	+
Verknadsgrad	+	-
Innstallsjonsdjup	+	-
Trykkhøgd	+	-
Driftskostnad	-	+
Vedlikehald	-	+


Tabell 2.1. Samanlikning av ternært aggregat og reversibel pumpeturbin.

Alle fire kraftverka presentert i denne rapporten har lågare trykkhøgder enn 350m. Reversibel Francis pumpeturbin verkar da som det beste valet, og har blitt nytta for alle alternativa for dei fire kraftverka.

## 2.3 Generelt om design av reversible Francis pumpeturbinar

Reversible Francis pumpeturbinar er designa på same måte som konvensjonelle Francisturbinar. Ved at ein endrar rotasjonsretning for ein reversibel pumpeturbin kan den bli nytta til både turbindrift og pumpedrift. Når det gjeld design av løpehjulssklover må ein inngå eit kompromiss for begge bruksområda.

Trykktapet i tunnel og turbinrør har stor innverknad på design av ein reversibel Francis pumpeturbin sidan det reduserer brutto trykkhøgd i turbindrift og kjem i tillegg til bruttotrykkhøgda i pumpedrift.




Figur 2.2. Trykktap for turbindrift og pumpedrift.

Netto trykkhøgd ved løpehjulet er difor større ved pumpedrift enn ved turbindrift (differanse = trykktap i turbindrift + trykktap i pumpedrift). Dette må takast med i vurderinga ved design av løpehjulet for ein pumpeturbin.

Det kritiske designpunktet er å finne maksimum trykkhøgd i pumpedrift. Dette arbeidspunktet gir designparametrar (løpehjulsdiameter, turtal) til pumpeturbinen. Sidan det er avgjerande å oppnå maksimal trykkhøgd under pumpedrift, må turbinen designast for ei høgare trykkhøgd enn det ein faktisk vil oppleve under drift. Dette betyr at under turbindrift går turbinen med lågare trykkhøgd enn den er designa for, og med noko lågare verknadsgrad. For å oppnå maksimal verknadsgrad i turbindrift, bør turbinen køyrast med eit turtal som er litt lågare enn det den er designa for ( $n_{opt} < n_{sync}$ ).

I turbindrift kan ein reversibel Francisturbin bli drifta som ein konvensjonell Francisturbin. Det vil si at ein kan justere levert effekt ved konstant trykkhøgd ved å endre ledeskovlopninga. I pumpedrift er det derimot slik at effekten blir bestemt av pumpekarakteristikken for pumpa (som for ei konvensjonell pumpe).



**Figur 2.3. Pumpekarakteristikk.** Kjelde: [www.gouldspumps.com](http://www.gouldspumps.com).

Pumpekarakteristikken gir ein direkte samanheng mellom trykkhøgd, slukeevne og effekt for ei gitt pumpe. For ei gitt trykkhøgd er slukeevna bestemt av karakteristikken. Dette gjer at ein får ein fast effekt i pumpedrift som ikkje kan varierast. Med ein pumpeturbin med fast turtal finst det altså inga moglegheit for å kunne regulere effektforbruket med konstant trykkhøgd.


## 2.4 Turtalsregulert pumpeturbin

I løpet av dei 10 seinaste åra har nesten alle dei store turbinprodusentane (Voith, Andritz Hydro, ALSTOM) brukte store ressursar på å utvikle turtalsregulerte pumpeturbinar.

Fordelane med turtalsregulerte einingar er lista opp i dei neste avsnitta.

### 2.4.1 Turbindrift

- turbinen kjørast med optimalt turtal (sjå kapittel 2.3;  $n_{opt} < n_{sync}$ ).
- høgare verknadsgrad (spesielt ved dellast)
- mindre vibrasjon og støy (spesielt ved dellast)
- lågare minimumseffekt enn turbinar med fast turtal



Figur 2.4. Turbindrift for turbin med fast turtal og for turtalsregulert turbin.


Sidan turbinen er designa for litt for høg trykkhøgd, medfører dette at optimal trykkhøgd også er satt for høgt. Driftsområdet (blått felt i høgre diagram i figur 2.4) for turbinar med fast turtal ligg relativt langt unna hydraulisk bestpunkt. Dette medfører at ein pumpeturbin med fast turtal ikkje køyrast med optimalt turtal ( $n_{opt} < n_{sync}$ ). Ved at ein senker turtalaet til ein turtalsregulert pumpeturbin flyttar ein også driftsområdet, noko som medfører betrakteleg høgare verknadsgrad, spesielt ved dellast (figur 2.4). Aukinga av verknadsgraden er større enn tapa for frekvensomformaren som ein treng for ein turbin med asynkron motor-generator. Dette medfører at den totale verknadsgraden for turtalsregulerte pumpeturbinar i turbindrift er høgare samanlikna med synkrone motor-generator konsept.

### 2.4.2 Pumpedrift

Den store fordelen med turtalsregulering er at effektforbruket ved konstant trykkhøgd kan varierast.

Ved å auke turtalaet ved konstant trykkhøgd, vil volumstraum og effektforbruket auke. Ved å redusere turtalaet ved konstant trykkhøgd, kan volumstraum og effektforbruk bli redusert.

Figuren under viser driftsområde for ein turtalsregulert pumpeturbin (eksempel frå pumpekraftverket Goldisthal,  $P = 265 \text{ MW}$ ,  $h = 300 \text{ m}$ ,  $n_{sync} = 333 \text{ rpm}$ ).



**Figur 2.5. Pumpedrift for ein turbin med fast turtal og for ein turtalsregulert turbin.**

Den røde linja i figur 2.5 viser pumpekarakteristikken til ein turbin med fast turtal. Effektforbruket avhenger berre av trykkhøgda.

Den blå linja viser effektforbruket med eit turtal 4% over synkront turtal. Det som sett øvre grense er at generatoren ikkje er større enn 300 MVA.

Den grøne linja viser effektforbruket med eit turtal 10% under synkront turtal. Dersom trykkhøgda passerer 300 m vil minimum turtal bli avgrensa av at det oppstår kavitasjon på løpehjulsskolvlene.

Med ein turtalsregulert pumpeturbin er det altså mogleg å variere effektforbruket. Dette medfører fleksibel drift av pumpeturbinen også i pumpedrift.

Andre fordelar i pumpedrift er dei same som for turbindrift

- pumpa driftast med optimalt turtal
- høgare verknadsgrad (spesielt ved ekstemt store og låge trykkhøgder)
- mindre vibrasjon og støy

#### 2.4.3 Alternativ for turtalsregulerte pumpeturbinar

Turtalsregulerte pumpeturbinar kan bli drifta både med synkron- og asynkrongenerator. Begge løysingar krev frekvensomformar:

- På statorsida – synkron generator, frekvensomformar tilpassa full effekt frå generatoren

- På rotorsida – asynkron generator, frekvensomformar tilpassa behovet for turtalsregulering.

På grunn av avgrensingar i design, finst det ikkje frekvensomformarar som er større enn ca. 100 MW. Av økonomiske grunnar bør ein for medium og store aggregat vurdere eit design med asynkron generator. Følgande tre konsept er brukt i denne rapporten:

#### Francis pumpeturbin, synkrongenerator med konstant turtal

+ Kjent og påliteleg teknologi	- Avgrensa driftsområde ved turbindrift
+ Låg pris	- Konstant last i pumpedrift
+ Energigjenvinning ved bremsing (med startomformar)	

#### Francis pumpeturbin, synkrongenerator og frekvensomformer, variabelt turtal

+ Fleksibelt driftsområde i turbin- og pumpedrift	- Kostnad for tilleggsutstyr (frekvensomformar, statortransformator)
+ Ingen ekstra oppstartsomformar	- Produksjonsgrense på ca. 100 MW for omformar
+ Energigjenvinning ved bremsing	- Stasjonstrafo må koplast til nettet, ekstra felt i koplingsanlegget er naudsynt
+ Driftsendring kan skje med fylt vassveg	
+ Standard synkrongenerator er billegare	
+ Ikke behov for separat rotortransformator og omformar	
+ Mindre vedlikehald for synkron generator	
+ Ikke naudsynt med tilleggsutstyr for luftinnblåsing	

Sidan frekvensomformaren er kopla direkte til hovudtransformatoren, kan ikkje stasjonstransformatoren koplast til hovudtransformatoren, men må koplast til nettet. Dette medfører at stasjonstransformatoren må skalerast for høgare spenning og krev eit ekstra felt i koplingsanlegget. Dette gjer at investeringskostnadene for stasjonsforsyning vil auke betrakteleg. Løysinga er difor berre akseptabel for kraftverk med fleire turbinar, elles vil investeringskostnadene bli for høge.

#### Francis pumpeturbin, asynkron generator og variabelt turtal

+ Fleksibelt driftsområde i turbindrift og pumpedrift	- Høgare kostnadar for asynkron generator
+ Turbin > 100MW er mogleg	- Lengre og større generator
+ Energigjenvinning ved bremsing	- Separat rotortransformator og omformar er naudsynt


- Komplisert kollektorovergang
- Meir og komplisert vedlikehald samanlikna med for synkron generator

#### **2.4.4 Tal på turtalsregulerte aggregat**

Når det er installert meir enn to turbinar i kraftstasjonen, bør berre to av dei prosjekterast med turtalsregulering for å oppnå fleksibilitet. Dei resterande turbinane kan prosjekterast med fast turtal så lenge dei klarar å handtere variasjonen i trykkhøgd. Ein tredje turbin med turtalsregulering vil berre i liten grad forbetre fleksibiliteten, men vil medføre ikkje naudsynte kostnadars. Turbinar med konstant turtal nyttast til å utvide driftsområdet for å oppnå høgare effektuttak. Turbinar med fast turtal vil ha noko dårlegare verknadsgrad ved høge og låge trykkhøgder, men investeringskostnaden for turtalsregulering vil truleg ikkje forsvare seg.

Turtalsregulering er spesielt viktig i pumpedrift. Effektforbruket til eit aggregat med konstant turtal kan ein ikkje kontrollere sidan det er bestemt av trykkhøgda og den tilhøyrande slukeevna. Om ein kan variere turlalet med +/- 10%, kan effektforbruket med dagens teknologi varierast +- 30% i høve nominelt effektforbruk. Det er difor mogleg å komme ned i ca. 60% av maksimalt effektforbruk i pumpedrift. Kraftstasjonen kan da tilpasse seg ulike behov i nettet under pumpedrift. Nedanfor er det vist to eksempel med 6 aggregat, eit kor alle aggregata har konstant turtal, og eit kor to aggregat har turtalsregulering.


#### Driftsområde for 6 turbinar med fast turtal



**Figur 2.6. Driftsområde for 6 aggregat med konstant turtal.**

Alle pumpeturbinane kan berre operere med nominell effekt i pumpedrift. Pumpeturbinane kan ikkje tilpassast nettkrav i pumpedrift.

## Driftsområde for 6 turbinar med turtalsregulering



**Figur 2.7. Driftsområde for 6 turtalsregulerte aggregat.**

Dei to turbinane med turtalsregulering kan kvar for seg bli drifta mellom -60% og -100% av maksimum effektforbruk i pumpedrift. Det vil si at to turbinar saman kan driftast mellom 120% og 200% av nominell effektforbruk. Det resterande området mellom -100% og -120% kan ikkje bli handtert av to turbinar med turtalsregulering fordi tartalet pr. i dag ikkje kan varierast mein enn ca. +/- 10%. Men utviklinga i framtida (ny utforming av løpehjulsskovlar) vil truleg medføre at pumpeturbinar kan driftast med 50% last i pumpedrift.

For å utvide driftsområdet kan pumpeturbinar med fast turtal som blir drifta ved nominell effekt (-100%) bli kopla til nettet. Dei to pumpeturbinane med turtalsregulering kan regulere mellom -320% og 400%, 420% og 500% osv. Ein tredje pumpeturbin med turtalsregulering ville gjort det mogleg å regulere mellom -200 % og 220 % men ville medført mykje høgare installasjonskostnadar.

## 3 METODE

### 3.1 Dimensjonering

#### 3.1.1 Prinsipp

Optimal dimensjonering av eit norsk pumpekraftverk kjem an på fleire faktorar slik som framtidig variasjon i straumpris på time, døgn og sesongbasis, betalingsvilje for reservekraft og balansetenester, lokal og regional nettkapasitet, utvikling av fornybar energiproduksjon i same område, og overføringslinjer mellom Noreg og kontinentet. Som nemnt i avsnitt 1.3 er det utanfor denne studien sitt omfang å analysere desse faktorane og føreslå økonomisk sett optimale dimensjonar for kraftverka. I staden har ein brukt ei forenkla tilnærming med enkle tommelfingerreglar for samanheng mellom slukeevne og magasinvolum. For kvart av dei fire kraftverka, her ein vurdert minst tre alternativ med ulik kapasitet. Som eksempel på store kraftverk som kan regulere innanfor svært kort tid, har ein brukt ei slukeevne som svarar til å tømme det minste magasinet på 24 timer. Som eksempel på kraftverk med evne til å regulere innanfor dagar har ein valt slukeevne som svarar til tömming av det minste magasinet på 72 timer. Slik 3 dagars lagringskapasitet er ofte brukt som tommelfingerregel for pumpekraftverk som blir bygd for å balansere produksjonen frå vindkraftverk. Som eksempel på kraftverk med sesongmessig regulering er det valt slukeevne tilsvarende tömming av minste magasin på 60 dagar (1440 timer).

#### 3.1.2 Utrekning

Prinsippet frå 3.1.1 er brukt til å rekne ut slukeevna for dei ulike alternativa på følgande måte: Først finn ein tilgjengeleg arbeidsvolum basert på volum i magasina, og eigenskapane til tilgjengelege pumpeturbinar.

Deretter blir nominell slukeevne rekna ut som den gjennomsnittlege volumstraumen som må til for å tømme arbeidsvolumet på 24, 72 eller 1440 timer avhengig av alternativ. Utrekning av gjennomsnittleg volumstraum er forklart nærmere i avsnitt 3.2.2. Utrekning av arbeidsvolum for det einskilde alternativet er vist i innleiingsdelen i kapittel 4-7.

### 3.2 Design av elektromekanisk utstyr

#### 3.2.1 Designsteg

Utforming av det elektromekaniske utstyret i pumpekraftverka er utført i fem steg:

1. Rekne ut dei viktigaste designparametrane
2. Utrekning av effekt
3. Finne tal på- og type aggregat
4. Design av pumpeturbinane
5. Design av elektrisk utstyr

#### 3.2.2 Designparametrar

Dei viktigaste parametrane for design av ein pumpeturbin er trykkhøgd og slukeevne. Som forklart i avsnitt 3.1 har ein i den rapporten valt å la slukeevna blir bestemt av arbeidsvolumet. Korleis kvar av desse storleikane blir funne er forklart under.

### Trykkhøgd

Pumpeturbinane er designa for å kunne handtere heile variasjonen i trykkhøgd som oppstår når magasinnivåa i øvre og nedre magasin varierer mellom HRV og LRV, så sant dette er mogleg. Om den relative variasjonen i trykkhøgd er for stor, slik som for Blåfalli V, finst det ikkje pumpeturbinar på marknaden som klarar å dekke heile variasjonen. I dette tilfellet er det valt ein turbin som dekker så stor del av variasjonen som mogleg.

I utgangspunktet er det ønskeleg at turbinane går på høgast mogleg trykkhøgd, men sidan vasstanden i magasina kan variere gjennom året, må turbinane vere designa for å takle lågare trykkhøgder også.

Med bygging av pumpekraftverk vil vasstanden i magasina gjennom året avvike frå det som er tilfelle i dag. Dette kan påverke eksisterande kraftverk i systemet. Som nemnt tidlegare er ikkje denne påverkinga vurdert i denne rapporten, men vil vere naudsynt å sjå på seinare.

### Arbeidsvolum

Arbeidsvolumet er vassvolumet som kan flyttast rundt i systemet. Om ein finn ein turbin som klarar heile variasjonen i trykkhøgd mellom dei to magasina, vil arbeidsvolumet vere likt volumet mellom HRV og LRV i det minste magasinet.

Dersom variasjonen i trykkhøgd er for stor til at han kan handterast av turbinen, må ein bruke magasinkurvene for magasina til å finne kor stort volum som ligg innafor den variasjonen i trykkhøgd som turbinen klarar å handtere.

### Slukeevne

For å utnytte kapasiteten til pumpeturbinen best mogleg, er alle aggregat designa slik at dei har same effekt/effektforbruk under pumpedrift som i turbindrift. På grunn av falltap blir da nominell slukeevne i pumpedrift lågare enn i turbindrift, som forklart i avsnitt 2.3. Som utgangspunkt for dimensjonering av pumpeturbinen har ein valt å bruke gjennomsnittet av slukeevne i turbinmodus og slukeevne i pumpemodus ( $Q_{\text{snitt}}$ ). Designpunktet til pumpeturbinen er sett slik at aggregatet treng 1 dag/3 dagar/60 dagar på å flytte arbeidsvolumet med den gjennomsnittlege volumstraumen  $Q_{\text{snitt}}$ . Sidan totalverknadsgrad i pumpemodus er omrent 90%, blir nominell slukeevne i pumpedrift omrent 10% mindre enn  $Q_{\text{snitt}}$ . Kraftverket treng difor 10% meir tid for å overføre arbeidsvolumet frå nedre til øvre magasin. På grunn av tap, vil nominell slukeevne i turbindrift på same måte bli omrent 10% større enn  $Q_{\text{snitt}}$  for å oppnå nominell effekt. Dette betyr at arbeidsvolumet kan tömmast frå øvre magasin på ca. 90% av designtida.

Om ein i staden hadde designa pumpeturbinen for konstant slukeevne i pumpe- og turbindrift, ville nominell effekt vore omrent 20% høgare i pumpedrift enn i turbindrift. Da ville alt elektrisk utstyr måtte designast for 120% av nominell effekt i turbindrift. Dermed hadde ein fått ein generator, transformator og alt relatert utstyr som var overdimensjonert i høve det som var naudsynt i turbindrift.

#### **3.2.3 Total effekt**

Total nominell effekt i kraftverket blir rekna ut som produktet av  $Q_{\text{snitt}}$ , gjennomsnittleg trykkhøgd, tettheita til vatn og gravitasjonskonstanten. Total nominell effekt er brukt til å finne talet på aggregat i kraftverket, og til å designe det elektriske utstyret.

#### **3.2.4 Tal på og type aggregat**

Når designparametrane i 3.2.2, og total effekt er bestemt, er neste steg i designprosessen å finne talet på aggregat effekten skal fordelast på, og kva for type desse skal vere.

Følgande kriterium har blitt brukt for å finne kor mange aggregat som skal nyttast: Effekten i eit enkelt aggregat bør ikkje vere større enn 250 MW, diameteren på løpehjulet bør ikkje vere større enn 7 m, og det bør vere minst 4 eller 6 aggregat for 1-dags alternativet, 2 eller 4 aggregat for 3-dagars alternativet og 1 eller 2 aggregat for 60-dagars alternativet.

Endeleg tal på aggregat kjem an på kor fleksibelt ein krev at kraftverket skal vere. Fleire små aggregat gir eit vidare driftsområde enn færre store aggregat, spesielt i pumpedrift.

Ein annan måte å få større fleksibilitet på, er å bruke turtalsregulerte aggregat, som forklart i avsnitt 2.4. På grunn av dei store fordelane ein får med slike aggregat, er det brukt turtalsregulerte aggregat i alle alternativa i denne rapporten. I kraftverk med meir enn to aggregat, er det likevel som regel berre to aggregat som er designa med turtalsregulering. Grunngjeving for dette finst i avsnitt 2.4.4. Unntaket er Blåfalli V kor alle aggregata er designa med turtalsregulering for å kunne dekke så stor variasjon i trykkhøgd som mogleg.

### **3.2.5 Design av pumpeturbinane**

Når det er bestemt kor mange aggregat stasjonen skal ha, blir hovuddimensjonane til kvar turbin funne gjennom å samanlikne med eksisterande pumpekraftverk, og rekna ut på nytt i eit designprogram. I dei fleste tilfella vil endeleg slukeevne avvike noko frå den teoretiske verdien, som er forklart i avsnitt 3.2.2 under slukeevne. Dette er på grunn av at dei ulike dimensjonane på turbinen må tilpassast realistiske og innbyrdes kompatible verdiar.

### **3.2.6 Design av elektrisk utstyr**

#### Oversikt

Generatorar og elektrisk utstyr er designa etter føljande kriterium:

Sidan situasjonen i nettet ikkje er vurdert i denne rapporten, er generatorane designa med ein effektfaktor på  $\cos \varphi = 0,8$  for synkrongeneratorar og  $\cos \varphi = 0,85$  for asynkrongeneratorar. Etter som pumpekraftverk gjerne brukast til å stabilisere nettet er effektfaktoren ofte lågare enn for elvekraftverk.

For kraftstasjonar med total effekt opp til 300 MW, er hovudtransformatoren designa med 132 kV spenning på nedstraumssida. Stasjonar som er større enn 300 MW er designa med 420 kV transformator.

Sidan elektrisk utstyr utgjer ein betydeleg del av dei totale kostnadane for eit pumpekraftverk, føljer her ei samling avsnitt som omtalar design av dei ulike komponentane meir i detalj.

#### Elektriske system for kvart aggregat

##### *Generator*

Generator er dimensjonert ut i frå referanseprosjekt. Når ein ikkje har funne relevante referanseprosjekt, er Esson-nr. C brukt til å finne hovuddimensjonar. Vekt er estimert ved hjelp av spesifikke vekter. Spenningsnivå på generator er valt med tanke på å balansere isolasjonssitasje, varmetap og utprøvd teknologi (referanseprosjekt). Aggregat med fast turtal er designa med synkrongenerator, og aggregat med turtalsregulering med asynkrongenerator.

##### *Frekvensomformarar*

Frekvensomformarar er brukt for oppstart i pumpemodus, bremsing med energigjenvinning, og turtalsregulering i turbin- og pumpedrift.

Frekvensomformarar på turtalsregulerte aggregat er tilpassa reguleringsområdet: turtalsregulering på +/- 10% krev at omformaren leverer omtrent 30% av aggregateffekten.

Frekvensomformarar på aggregat med fast turtal er tilpassa tregheitsmomentet til turbinen og generatoren (for oppstart og bremsing). Oppstart skjer i luft.

### *Høgspentbrytarar*

Alle aggregat er utstyrt med eit høgspent brytarsystem, inkludert:

- Generator effektbrytar: vacuumtype (aggregat opp til 150 MW) eller SF6 type (aggregat >150 MW)
- Elektrisk bremsekopling
- Faseomkoplar for å endre omdreiningsretning på aggregatet

For små og middels store aggregat kan ein plassere brytarane i eit felles skap for å spare plass. Designen kan også tilpassast lokale behov. Ulike typar tilkoppling til generatorsamleskinne er mogleg: Kabel, isolert samleskinne eller metallomslutta samleskinne.

Store aggregat er utstyrt med eit modulbasert skapsystem som treng meir plass. Kvar brytar har avskilte fasar og er plassert i sitt eige skap, kopla til ei metallomslutta generatorsamleskinne.

### *Hovudtransformator*

Alle aggregat er kopla til ein hovudtransformator. Hovudtransformator er installert i eit eige transformatorrom. For å redusere varmetap er transformatorane vasskjølte. Elles er transformatorane spesifisert som føljer:

- Oljeisolert
- Utstyrt med linningskoplar
- Trefasedesign. For spesielle behov (for eksempel transportstørleik) er einfasedesign mogleg.
- Spenningsnivå på 132 eller 420 kV

### *Kontrollanlegg*

Kontrollanlegget inkluderer maskinvarevern, måling, manøvrering og datalogging for kvart aggregat. Hovedeigenskapane er:

- Redundant CPU og samleskinne
- Desentraliserte målarar
- Fjernstyring

### *Elektrisk vern*

Systemet vernar dei mest verdifulle komponentane; generator og hovudtransformator. Hovudeigenskapane er:

- Digitale numeriske relevorn
- Designa for både produksjon og forbruk i aggregatet
- Redundante<sup>1</sup> relevorn for generator og hovudtransformator

### *Magnetiseringssystem*

Aggregat med fast turtal (synkron generator) treng eit likestraums magnetiseringssystem som inkluderer magnetiseringstransformator og kraft tyristor. Oppstart og bremsing blir magnetisert separat. Effekten som magnetiseringa brukar er omtrent 1% av aggregateffekten.

### Generelle elektriske system

#### *Stasjonstransformator*

Stasjonsforsyning blir levert via stasjonstransformatorar kopla til generatorsamleskinna. Om spenningsnivået på generator og stasjonsforsyninga er det same (dvs. små aggregat) kan ein eventuelt bruke ein straumavgrensande reaktor i staden. Hovudeigenskapane er:

- Nedgang frå spenningsnivå for generator til spenningsnivå på stasjonsforsyninga
- Straumavgrensing (kortslutning) for hjelpekraft
- Oljeisolert/tørrisolert design mogleg
- Redundant design

#### *Hjelpesystem*

Hjelpesystemet består av middels- og lågspent koplingsanlegg, lågspente transformatorar, likestraumsanlegg og kraftkabler.

#### *Koplingsanlegg, middels spenningsnivå*

- For kraftoverføring mellom stasjonstransformatorar til maskinsal, inntak og utlaup og driftsbygningar i dagen
- Vanleg spenningsnivå: 10 eller 6 kV
- Koplingsanlegg som luftisolert eller SF6 design

#### *Lågspent koplingsanlegg*

- For forsyning av hjelpesystem: blåsemaskin/kompressor, trykkoljeanlegg, kjølevatn
- For forsyning av generelle hjelpesystem: tømming av vassveg, belysning, ventilasjon
- Spenningsnivå: 0,4 eller 0,69 kV

---

<sup>1</sup> Redundans er nytta fleire stadar i utforming av elektrisk utstyr i denne rapporten. Med redundans meiner ein at det finst eit ekstra system eller ei ekstra eining i bakhand som tek over om det oppstår feil på eininga som er i bruk.

### *Lågspenttransformatorar*

- For transformering mellom lågspent og middels spenningsnivå
- Vanleg ratio: 10 (eller 6) kV / 0,4 (eller 0,69) kV

### *Likestraumsanlegg*

- For forsyning av hjelpe- og kontrollspenning for vern, I&C-system, kontrollsysteem, koplingsanlegg og spenning til sikkerheitsrelaterte installasjonar
- Redundant design
- Vanleg spenningsnivå: 220 eller 110 VDC, sentralt
- Desentraliserte 24 VDC system mogleg

## **3.3 Design av bygningstekniske arbeid**

### **3.3.1 Designsteg**

Design av dei bygningstekniske arbeida er utført i tre steg for kvart av dei vurderte alternativa:

- Evaluering av dei viktigaste designparametrane
- Val av trase for vassvegen
- Design av vassveg og kraftstasjon

### **3.3.2 Designparametarar**

#### Eksisterande kraftverk

Eksisterande kraftverk blir studert for å sjå om det er mogleg å bruke noko av eksisterande vassveg i det nye pumpekraftverket. Dei fire eksisterande kraftverka det er sett på i denne rapporten er relativt små samanlikna med magasina, og eksisterande slukeevne er mykje mindre enn det som er føreslått for dei fleste alternativa av pumpekraftverk. Løysinga har difor generelt vore å designe fullstendig ny vassveg og kraftstasjon uavhengig av dagens anlegg. Derimot har ein valt å behalde eksisterande dammar (med unntak av for eit alternativ i Trollfjord, sjå avsnitt 6.5).

I tillegg til at slukeevna til pumpekraftverka er større enn i dagens anlegg, sett dei nye anlegga krav til utforming av inntak og utlaup, lokalisering av luker, vertikal lokalisering av kraftstasjonen (sjå siste avsnitt) og andre tihøve.

I nokre tilfelle gir 60-dagars alternativet ei slukeevne som er i same størrelsесorden som dagens slukeevne i anlegget. I desse tilfella er det prøvd å bruke delar av eksisterande vassveg i den nye layouten.

#### Tilkomst

Eksisterande vegar og hamner i prosjektorrådet blir vurdert.

## Koplingsanlegg

Generelt har ein valt layout som gjer at nytt koplingsanlegg kan plasserast der eksisterande koplingsanlegg eller tilkoplingspunkt er.

## Topografi

Topografien i prosjektområdet blir vurdert for å finne tunneltrase som har tilstrekkeleg overdekning.

## Geologi

Ein gjer ei enkel vurdering av geologien i prosjektområdet ved hjelp av offentleg tilgjengelige geologiske kart frå NGU saman med eventuell informasjon om geologien som eigar av kraftverket har gjort tilgjengeleg.

Vurderinga av geologien blir brukt til å finne trase for vassvegen, samt til å vurdere om fjellkvaliteten er god nok til at ein kan bruke ufôra tunnelar.

## Input frå design av pumpeturbinen

Slukeevne og tal på aggregat er viktige inndata i design av vassveg og stasjon. I tillegg er naudsynt installasjonsdjup for pumpeturbinen ein viktig parameter. Dette er eit tal som kjem ut av designprogrammet for pumpeturbinane. Talet avgjer på kva høgd kraftstasjonen må ligge, og påverkar dermed også utforminga av vassvegen. Installasjonsdjupet for pumpeturbinen er alltid lågare enn lågaste moglege nivå på det nedre magasinet.

### **3.3.3 Trase for vassvegen**

Ideelt sett legg ein vassvegen langs kortaste rute mellom dei to magasina. Ofte er det likevel at andre trasear må vurderast. Det kan for eksempel vere fordi ein har geologiske forkastingar som kryssar kortaste trase, eller at installasjonsnivået til pumpeturbinen ligg lågt i høve avstanden mellom magasina. I val av trase ser ein også på tilkomst og nettilkoppling.

### **3.3.4 Design av vassveg og kraftstasjon**

Når designparametrane i 3.3.2 er vurdert og trase for vassvegen bestemt, blir vassveg og kraftstasjon designa ut i frå følgjande kriterium:

- Tverrsnittsareal i tunnelar og røyr blir tilpassa slik at falltap i vassvegen blir mindre enn 5% av netto trykkhøyd
- Diameter på trykkrøyr får ikkje bli større enn største tilgjengelege diameter på spjeldventilar (6,5-7 m)
- Det er planlagt råsprenge tunnelar utan fôring (unntatt Blåfalli V, sjå 7.2.3)
- Største tverrsnittsareal på tunnelane er  $140\text{ m}^2$ . Større tverrsnitt gir forholdsvis dyrare løysingar
- Lange tunnelar er planlagt med eit minimumstverrsnitt på  $20\text{ m}^2$ . Mindre tverrsnitt enn det er vanlegvis vanskeleg å drive
- Utlauptunnel får ein diameter som er 1,2 gongar større enn tillauptunnelen
- Plassering av kraftstasjonen kjem an på naudsynt installasjonsdjup for pumpeturbinen

### 3.4 Utrekning av kostnadar

Kostnadar for det elektromekaniske utstyret er først gjort med utgangspunkt i NVE sitt ”*Konstnadsgrunnlag for vannkraftanlegg*”. Verdiane frå kostnadsgrunnlaget er så justert i høve kostnadar for nyleg bygte kraftverk eigd av Vattenfall (for eksempel Goldisthal), budsjetterte kostnadar frå andre prosjekt under planlegging, og budsjettprisar frå leverandørar. Budsjettprisar er naudsynte fordi kostnadar for pumpekraftaggregat i stor grad kjem an på den spesifikke designen og forholda i det spesifikke prosjektet.

Sidan elektromagnetisk utstyr for pumpekraftverk (for eksempel frekvensomformarar og instrumentering og kontroll) dessutan er i rask utvikling, vart det tatt kontakt med leverandørar for å få budsjettprisar basert på den informasjonen og dei prislistene dei har. For elektrisk utstyr kjem kostnaden i stor grad an på kva for krav eigaren har til redundans og sikkerheit i systemet.

Kostnad for stålkonstruksjonar (røyr og bifurkasjonar) er estimert med spesifikke prisar og utrekna stålmengde basert på naudsynt tjukkleik på røyra.

For vidare diskusjon i rapporten kan det vere greitt å merke seg at kostnad for ein asynkron generator er omrent 30% høgare enn for ein synkron generator.

Kostnad for bygningstekniske arbeid er basert på berekna volum (betong og sprenging) og kostnad pr. volumeining frå ”*Konstnadsgrunnlag for vannkraftanlegg*”.

Kostnad for nye tilkomstvegar er vurdert å ligge utanfor omfanget av rapporten, og ikkje tatt med unntatt for Trollfjord kor ein ny tilkomsttunnel til magasina er tatt med. I dei andre prosjektområda finst det vegar og anleggsvagar for tilkomst i dag. Desse vil ein truleg måtte oppgradere for bygging av pumpekraftverka, men kor store tiltak som må til er vanskeleg å avgjere før ein har sett anlegga.

Andre kostnadar som ikkje er tatt med er kostnad for nettilknyting og forsterkningar i nettet, samt kostnad for eventuelle produksjonstap i kraftverk nedstraums under bygging og drift av pumpekraftverka.

I tillegg til kostnad for elektromekanisk utstyr, stålkonstruksjonar og bygningstekniske arbeid, er det lagt til 10% for planlegging og administrasjon og 15% for usikkerheit. Renteutgifter under bygging er rekna ut frå ei rente på 6% og byggetid på 3-4 år.

### 3.5 Ordliste

I tabellar og figurar gjennom rapporten er det nytt a ulike uttrykk og forkortingar som kan krevje forklaring. Under er det satt opp ein oversikt:

**Naudsynt brutto trykkhøgd:** Høgdeforskjelen mellom vasstand i øvre og nedre magasin, eller med andre ord trykkhøgda som pumpa må pumpe vatnet opp.

**Nominell effekt:** Er effekten i kraftverket når det blir køyrt med nominell trykkhøyd og nominell slukeevne.

**Nominell trykkhøgd:** Trykkhøgda som turbinen er designa ut i frå.

**Nominell slukeevne:** Er sett slik at gjennomsnittet av nominell slukeevne i turbinmodus og nominell slukeevne i pumpemodus svarar til tömming eller fylling av magasinet på 1, 3 eller 60 dagar.

Bruttofall turbin: Er trykkhøgda som ein kjenner på laupehjulet, ikkje medrekna tap i vassvegen.

V\_W: Arbeidsvolum, eller flyttbart volum i magasinet

V\_D: Dødt volum i magasinet, dvs den delen av magasinvolumentet i det største magasinet ein ikkje får utnytta i ein pumpesyklus. Dødt volum er likt totalt volum i det største magasinet minus volum i det minste magasinet.


## 4 LASSAJAVRRE

### 4.1 Eksisterande kraftverk og magasin

Lassajavrre kraftverk ligg i Kvænangen kommune i Troms, og er eigd av Kvænangen Kraftverk AS. Kraftverket ligg mellom magasina Ábojávri og Lássajávri, og er det øvste kraftverket i eit system som består av fire kraftverk og tre magasin.

Kraftverket er valt fordi det ligg relativt nært fleire moglege store offshore vindprosjekt, og fordi det er flaskehalsar i omliggende nett. Lassajavrre er også eit av få kraftverk i Nord-Troms og Finnmark som har magasin både oppstraums og nedstraums.

Hovuddata for kraftverket er oppgitt i tabell 4.1 og 4.2.



Figur 4.1. Geografisk plassering av Lassajavrre kraftverk.

Installert effekt	7,2 MW
Slukeevne	6,19 m <sup>3</sup> /s
Produksjon	30,2 GWh/år
Brutto trykkhøgd	145 m
Sett i drift	1977

Plassering av kraftstasjon	I fjell
----------------------------	---------

**Tabell 4.1. Hovuddata for Lassajavrre kraftverk.**

Ábojávri	Lássajávri
Øvre/nedre magasin	Øvre
HRV	692 m.o.h.
LRV	674 m.o.h.
Magasinvolum	72 Mm <sup>3</sup>
	61,8 Mm <sup>3</sup>

**Tabell 4.2. Magasindata for Lassajavrre kraftverk.**

## 4.2 Generell layout for pumpekraftverket

### 4.2.1 Oversikt

For Lassajavrre pumpekraftverk er to ulike layoutar vurdert for 3-dagars alternativet, ein med fire aggregat og ein med to aggregat. Dei to alternativa representerer ulike gradar av fleksibilitet i pumpedrift. Ein får difor eit bilde på ekstrakostnaden ein må betale for auka fleksibilitet. 1-dags og 60-dagars alternativa er også vurdert. Ein oversikt over dei vurderte alternativa er vist under.

Alternativ	Nominell slukeevne	Nominell effekt	# Aggregat
V1, 1 dag	716 m <sup>3</sup> /s	1200 MW	6
V2, 3 dagar	239 m <sup>3</sup> /s	400 MW	2
V2.1, 3 dagar	248 m <sup>3</sup> /s	400MW	4
V3, 60 dagar	11,6 m <sup>3</sup> /s	20 MW	1

**Tabell 4.3. Oversikt over føreslårte alternativ for Lassajavrre pumpekraftverk.**

### 4.2.2 Elektromekanisk utstyr

#### Trykkhøgd

Høgdeforskjellen mellom Abojávri og Lássajávri varierer mellom 173 m (når Abojávri er fullt og Lássajávri er på LRV) og 131 (Når Abojávri er på LRV og Lássajávri er fullt). Pumpeturbinen er designa for å handtere heile dette spekteret, og med nominell trykkhøgd på 160 m.

#### Arbeidsvolum

Arbeidsvolumet for Lassajavrre er 61,8 Mm<sup>3</sup> for alle fire alternativa, noko som tilsvrar heile magasinvolumet til Lássajávri.

#### Generell layout

Det er brukt turtalsregulerte aggregat for alle alternativa for å oppnå så stort driftsområde som mogleg, og for å kunne reagere raskt på behov i nettet.

### 4.2.3 Bygningstekniske arbeid

#### Tilkomst

Det er ein steinmolo for lakseoppdrett med godt djup omrent 25 km frå Kvænangsbotn som kan brukast ved ilandføring av utstyr. Det er veg fram til eksisterande anlegg.

## Koplingsanlegg


Nytt koplingsanlegg er føreslått plassert like ved det eksisterande koplingsanlegget.

## Topografi

Trase for vassvegen er valt slik at ein får stor nok fjelloverdekning samanlikna med trykkhøgda på ulike punkt i tunnelen. Tilkomsttunnelar, luker og inntak/utlaup er plassert ut fråkrav til vasstand oppstraums og nedstraums.

## Geologi


Geologien i området består av meta arkose med sør/sørvest – nord/nordaust retning på fjellsjikta. Det kan finnast ei overskyvingssone i same retning. Mellom magasina er det ei grop i terrenget som kan representere ei svakheitssone. Generell geologi for området er vist på figur 4.2.



Figur 4.2. Geologi for området rundt Lassajavrre (ref. NGU).

## Generell layout

For alle alternativa har ein valt å legge trase for den nye vassvegen parallelt med eksisterande tunnel. Denne går vinkelrett på fjellstrukturen si retning, som vist i figur 4.3 (tunneltrase i grått). Ein kortare trase er i teorien mogleg, men da risikerer ein å krysse ei forkasting i fjellet. Valte trase gir difor lågare geologisk risiko på dette stadiet.



**Figur 4.3.** Føreslått trase for vassvegen i Lassajavrre pumpekraftverk (grå line), retning på fjellstruktur (raud line), og meir risikabel direkte trase (svart).

I det følgende er det gitt ein omtale av den generelle designen av bygningstekniske arbeid for Lassajavrre pumpekraftverk. Til orientering finst det oversiktstekningar med snitt av vassvegen i Vedlegg 1.

Inntaket/utlaupet i det øvre magasinet er planlagt utført som ein kanal med ei overgangssone optimert for å minimere falltap ved straum i begge retningar. Både i øvre og nedre magasin er det plassert inntaksrist og bjelkestengsel for tømming av vassvegen.

Det er planlagt at to og to aggregat deler tillaups- og utlaupstunnel bortsett frå i V3-alternativet kor det berre er eit aggregat.

Tillaupstunnelen er omrent 2000 m lang. Tunnelen er nært horisontal så langt som mogleg for å få så lågt trykk i tunnelen som mogleg. Dette gjer at behovet for sikring av fjellet blir mindre. I enden av den horisontale delen er det plassert ei svingesjakt.

Svingesjakta er førebels planlagt som ei vertikal sprengt sjakt med eit areal som gir moglegheit for maksimal massesvinging tilsvarende +/-22 m.

Etter svingesjaka går tunnelen over i ei 45 graders stålfora trykksjakt som går ned til nivået for kraftstasjonen. Før trykkrøyret går inn i stasjonen deler det seg i to i ein bifurkasjon som gir eit separat rør til kvar av dei to turbinane.

Maskinsalen er plassert slik at ein får god nok fjelloverdekning, samtidig som ein får god nok avstand til bakkenivå der svingesjaka er plassert. Installasjonsnivået til pumpeturbinen er bestemt av designprogrammet. Maskinsalen er laga stor nok til å få plass til aggregata med kontrollrom og hjelpeutstyr.

Transformatoren er plassert i eit eige transformatorrom for å minimere risikoene for skade ved ei eventuell drukning av stasjonen. Dette rommet er difor plassert over høgast mogleg vassnivå i det nedre magasinet. Det er planlagt sprengt kabelsjakt mellom transformatorrommet og maskinsalen, og vidare frå transformatorrommet opp til koplingsanlegg i dagen.

På nedstraums side av sugerøyret går utlaupsrøyra saman til ein utlaupstunnel pr. to aggregat. Ca. 100 meter nedstraums sugerøyret er det plassert ei ny svingesjakt. Denne svingesjaka er utforma på same måte som den i tillaupstunnelen, men med moglegheit for omrent +/- 18 meter massesvinging.

Utlauptunnelen er omrent 1600 meter lang.

Inntaket/utlaupet i nedre magasin er planlagt på same måte som i øvre magasin for å minimere tapa for straum i begge retningar, og med inntaksrist og bjelkestengsel.

## 4.3 Lassajavrre V1 – 1 dag

### 4.3.1 Oversikt


Lassajavrre V1 er designa med 6 aggregat, og ein gjennomsnittleg slukeevne på  $716 \text{ m}^3/\text{s}$ , som svarar til å tømme magasinet på 24 timer. To av aggregata er turtalsregulerte.

Vassvegen består av tre tillaupstunnelar, trykkrør av stål og tre utlaupstunnelar. Eksisterande magasin er halde slik dei er, men med nye inntak og utlaup.

### 4.3.2 Elektromekanisk utstyr Lassajavrre V1

#### Hovuddata og arrangement

Turbin:	6 reversible Francis pumpeturbinar
Generator:	4 synkrone motor-generatorar ( $n = 230,7 \text{ rpm}$ ) 2 asynkrone motor-generatorar (turtalsreg. +/- 10%)
Nominell effekt:	200 MW
Nominell trykkhøgd:	160 m
Nominell slukeevne:	$126,7 \text{ m}^3/\text{s}$ (turbindrift) $112 \text{ m}^3/\text{s}$ (pumpedrift)



**Figur 4.4. Arrangement for Lassajavrre V1.**

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabell 4.4 viser designdata både for dei turtalsregulerte aggregata og dei med fast turtal. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinane finst i Vedlegg 1.

			H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe
<b>Naudsynt brutto trykkhøgd</b>			131,0	152,0	173,0	179,1*
<b>Aggregat med fast turtal</b>				<b>Turtalsreg. aggregat (+10%)</b>		
Bruttofall turbin	h_n	[m]	min 125	Nominell 160	maks 177,6	min 120
Turtal	N	[rpm]	230,77	<b>230,77</b>	230,77	207,69
Slukeevne turbin	Q_Tu	[m³/s]	120	<b>126,7</b>	119	114
Effekt turbin	P_Tu	[MW]	124	<b>190</b>	195	123
Slukeevne pumpe	Q_Pu	[m³/s]	136	<b>112</b>	96	110
Effektforbruk pumpe	P_Pu	[MW]	200	<b>193</b>	178	145
						<b>193</b>
						200

**Tabell 4.4. Designdata pumpeturbinar, Lassajavrre V1.**

\* inkludert totalt falltap i vassvegen

### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 4.5 og 4.6 under viser designdata og tal på einingar som er brukt for generatorar og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar av utstyret er vist i Vedlegg 1.

	# Aggregat	Tekniske data
Aggregat med fast turtal	4	250 MVA, 16 kV, 9 kA, $\cos \phi = 0,8$
Turtalsregulerte aggregat	2	250 MVA, 16 kV, 9 kA, $\cos \phi = 0,85$

**Tabell 4.5. Designdata generatorar, Lassajavrre V1.**

Komponent	# Einingar v / f / a *	Tekniske data	Kommentar
Hovudtransformator	2 / 4 / 0	420/16 kV, 260 MVA	
Magnetiseringstransformator	0 / 4 / 0	2,5 MVA 16/0,4 kV	
Magnetiseringstransformator hjelpesystem	0 / 4 / 0	0,5 MVA	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 2	16/10 kV; 10 MVA	For heile stasjonen
Statisk frekvensomformar	0 / 2 / 0	25 MW	
Statisk frekvensomformar	2 / 0 / 0	70 MW	
Høgspente brytarar	2 / 4 / 0		
Instrumentering og kontroll	12 / 24 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat
Elektrisk vern	12 / 24 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat

**Tabell 4.6. Designdata elektrisk utstyr, Lassajavrre V1.**

\* v turtalsregulert aggregat

f aggregat med fast turtal

a hjelpesystem


Dei statiske frekvensomformarane blir brukt til å starte opp i pumpedrift og for å bremse med energigjenvinning i turbindrift. Om ein startar eller bremser eit aggregat om gongen, kan ein klare seg med ein felles omformar for dei fire aggregata med fast turtal. For redundans/moglegheit til å redusere bremse/oppstartstida er det her føreslått to omformarar.

Hovudtransformatorane er planlagt med olje-vatn kjølesystem. Hovudtransformatorane er kopla via SF6 isolerte sammeskinningar til dei høgspente brytarane. Brytarane består av eit modulbasert skapsystem med effektbrytarar.

### Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 30 MW og 1158 MW.

I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -145 MW og -200 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -200 MW og -290 MW ( $2 * -145 \text{ MW}$ ) ikkje er tilgjengeleg. Tilsvarande hòl i driftsområdet oppstår kvar gong eit nytt aggregat med fast turtal blir kopla inn med 193 MW. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -1172 MW. Figur 4.5 illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



Figur 4.5. Driftsområde for Lassajavrre V1.

#### 4.3.3 Bygningstekniske arbeid – Lassajavrre V1

For 1-dags alternativet er utrekningane basert på ein layout med tre råsprenge tunnelar, som gir eit Manningstal på om lag 34. Det er valt ei vasshastigkeit på 2,3 i tillauptunnelen, noko som tilsvarar eit tunnelverrsnitt på  $104 \text{ m}^2$  med hesteskoforma tverrsnitt. Hovuddimensjonane i vassvegen er vist under:

	Tverrsnittsareal [ $\text{m}^2$ ]	Hastigkeit på vatnet [m/s]
Ufora tillauptunnel	104	2,3
Trykkrøyr i stål	40	6,0
Ufora utlaupstunnel	140	1,7

Tabell 4.7. Tverrsnittsareal i vassveg, Lassajavrre V1.

#### 4.3.4 Kostnadar Lassajavrre V1

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	924	
Stålkonstruksjonar	203	
Generator og elektrisk utstyr	1278	
		2405
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	983	
Tilkomsttunnelar og tverrlag	104	
		1086
<b>Usikkerheit, 15%</b>		524
<b>Rentekostnadar i byggetida</b>		419
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		349
<b>Total kostnad</b>		4783

Tabell 4.8. Kostnadsestimat, Lassajavrre V1.

#### 4.4 Lassajavrre V2 – 3 dagar, 2 aggregat

##### 4.4.1 Oversikt

Lassajavrre V2 er designa med to asynkrone aggregat og ein gjennomsnittleg slukeevne på  $239 \text{ m}^3/\text{s}$ , som svarar til å tømme magasinet på 72 timer.


Vassvegen består av ein tillauptunnel, trykkrøyr av stål og ein utlaupstunnel. Eksisterande magasin er tatt vare på slik dei er, men med nye inntak og utlaup.

#### 4.4.2 Elektromekanisk utstyr Lassajavrre V2

Dette alternativet har lik layout som alternativ V1 bortsett frå at ein berre har ein tunnel og to aggregat.

##### Hovuddata og arrangement

2 reversible Francis pumpeturbinar med asynkron motor-generatorar ( $n = 230,7$  rpm, turtalsregulert +/- 10%; nominell effekt: 200 MW; nominell trykkhøgd: 160 m) som i avsnitt 4.3.2.



Figur 4.6. Arrangement for Lassajavrre V2.

##### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Sjå avsnitt 4.3.2 for designdata for pumpeturbinane.


##### Designdata generator og elektrisk utstyr

Sjå avsnitt 4.3.2 for designdata for generator og elektrisk utstyr.

##### Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 30 MW og 380 MW.

I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -145 MW og -200 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -200 MW og -290 MW (2 \* -145 MW) ikkje er tilgjengeleg. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -400 MW. Figur 4.7 under illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



Figur 4.7. Driftsområde for Lassajavrre V2.

#### **4.4.3 Bygningstekniske arbeid Lassajavrre V2**

Lassajavrre V2 er planlagt med same layout som V1, men med berre ein tunnel i staden for 3. Tverrsnittareal i vassvegen er dei same som for V1.

#### **4.4.4 Kostnad Lassajavrre V2**

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	308	
Stålkonstruksjonar	73	
Generator og elektrisk utstyr	545	
		926
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	350	
Tilkomsttunnelar og tverrslag	90	
		440
<b>Usikkerheit, 15%</b>		205
<b>Rentekostnad i byggetida</b>		164
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		137
<b>Total kostnad</b>		<b>1871</b>

Tabell 4.9. Kostnadsestimat, Lassajavrre V2.

### **4.5 Lassajavrre V2.1 – 3 dagar, 4 aggregat**

#### **4.5.1 Oversikt**


Lassajavrre V2.1 er designa med 4 aggregat, og ein gjennomsnittleg slukeevne på 248 m<sup>3</sup>/s, som omrent svarar til å tömme magasinet på 24 timer. Vassvegen består av ein utlaupstunnel som delar seg i to nedstraums svingesjakra, trykkrør av stål og ein utlaupstunnel. Eksisterande magasin er tatt vare på slik dei er, men med nye inntak og utlaup.

#### **4.5.2 Elektromekanisk utstyr Lassajavrre V2.1**

##### Hovuddata og arrangement

Turbin:	4 reversible Francis pumpeturbinar
Generator:	2 synkrone motor-generatorar (n = 272,7 rpm)
	2 asynkrone motor-generatorar (turtalsreg.+/- 10%)
Nominell effekt:	100 MW
Nominell trykkhøgd:	160 m

Nominell slukeevne:                    66.7 m<sup>3</sup>/s                    (turbindrift)  
     57.1 m<sup>3</sup>/s                    (pumpedrift)



**Figur 4.8. Arrangement for Lassajavrre V2.1.**

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabellen under viser designdata både for dei turtalsregulerte aggregata og dei med fast turtal. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinane finst i Vedlegg 1.

Naudsynt brutto trykkhøgd			H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe		
Aggregat med fast turtal			Turtalsreg. aggregat (+10%)					
			min	Nominell	maks	min	Nominell	maks
Bruttofall turbin	h_n	[m]	130	160	177,6	130	160	180
Turtal	N	[rpm]	272,7	272,7	272,7	254,5	272,7	300
Slukeevne turbin	Q_Tu	[m <sup>3</sup> /s]	67	66,7	60	65	66,7	61
Effekt turbin	P_Tu	[MW]	67,9	100	100	66	100	100
Slukeevne pumpe	Q_Pu	[m <sup>3</sup> /s]	69	57,1	49,5	55	57,1	52,2
Effektforbruk pumpe	P_Pu	[MW]	103	100	97	78	100	100

**Tabell 4.10. Designdata pumpeturbinar, Lassajavrre V2.1.**

\* inkludert totalt falltap (5,3 m) i vassvegen

### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 4.11 og 4.12 under viser designdata og tal på einingar som er brukt for generatorar og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar av utstyret er vist i Vedlegg 1.

	# Aggregat	Tekniske data
Aggregat med fast turtal	4	130 MVA, 14 kV, 5.5 kA, $\cos \phi = 0.8$
Turtalsregulerte aggregat	2	130 MVA, 14 kV, 5.5 kA, $\cos \phi = 0.85$

**Tabell 4.11. Designdata generatorar, Lassajavrre V2.1.**

Komponent	# Einingar v / f / a *	Tekniske data	Kommentar
Hovudtransformator	2 / 2 / 0	420/14 kV, 130 MVA	
Magnetiseringstransformator	0 / 2 / 0	1,6 MVA 14/0,4 kV	
Magnetiseringstransformator hjelpesystem	0 / 2 / 0	0,25 MVA	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 2	14/10 kV; 8 MVA	For heile stasjonen
Statisk frekvensomformar	0 / 2 / 0	12 MW	
Statisk frekvensomformar	2 / 0 / 0	30 MW (2x15 MW)	
Høgspente brytarar	0 / 2 / 0		
Instrumentering og kontroll	2 / 2 / 0		6 per aggregat
Elektrisk vern	12 / 12 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat


**Tabell 4.12. Designdata elektrisk utstyr, Lassajavrre V2.1.**

Dei statiske frekvensomformarane kan vere luftkjølte. Hovudtransformatorane er designa som 3-fase einingar. Einfase er også mogleg.

### Driftsområde for kraftstasjonen

Denne kraftstasjonen er meir fleksibel i pumpedrift (samanlikn med avsnitt 4.4). I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 20 MW og 400 MW.

I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -78 MW og -100 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -100 MW og -156 MW (2 \* -78 MW) ikkje er tilgjengeleg. Tilsvarande hòl i driftsområdet oppstår kvar gong eit nytt aggregat med fast turtal på 100 MW blir kopla inn. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -400 MW. Figur 4.9 under illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



**Figur 4.9. Driftsområde for Lassajavrre V2.1.**

#### **4.5.3 Bygningstekniske arbeid Lassajavrre V2.1**

For Lassajavrre V2.1 er det brukt berre ein tillauptunnel sjølv om det er fire aggregat. Tunnelen deler seg i to rett nedstraums svingesjaka. Derifrå går tunnelen over i ei overgangssone til eit mindre tversnitt, og fortsett i to trykkrøy av stål ned til nivået kraftstasjonen ligg på. Stålroyna deler seg igjen i to i ein bifurkasjon, og ein får eit separat innlaupsrør i stål til kvar turbin. Samanlikna med V2 gir dette alternativet eit litt lågare installasjonsnivå for turbinen, mindre falltap og omtrent same sprengingsvolum.

#### **4.5.4 Kostnadar Lassajavrre V2.1**

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	362	
Stålkonstruksjonar	100	
Generator og elektrisk utstyr	553	
		1015
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	367	
Tilkomsttunnelar og tverrslag	91	
		458
<b>Usikkerheit, 15%</b>		221
<b>Rentekostnadar i byggetida</b>		177
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		147
<b>Total kostnad</b>		2018

Tabell 4.13. Kostnadsestimat, Lassajavrre V2.1.

## **4.6 Lassajavrre V3 – 60 dagar**

### **4.6.1 Oversikt**


Layouten til 60-dagars alternativet er den same som for V1 og V2, men med berre eit, turtalsregulert, aggregat (gjennomsnittleg slukeevne 11,6 m<sup>3</sup>/s) og difor ikkje bifurkasjon.

### **4.6.2 Elektromekanisk utstyr Lassajavrre V3**

#### Hovuddata og arrangement

Turbin:	1 reversibel Francis pumpeturbin
Generator:	1 synkron motor-generator (n = 272,7 rpm, turtalsregulert +/- 10%)
Nominell effekt:	20 MW
Nominell trykkhøgd:	160 m
Nominell slukeevne:	12,4 m <sup>3</sup> /s (turbindrift)
	10,8 m <sup>3</sup> /s (pumpedrift)

Aggregatet er utstyrt med ein 25 MVA synkron generator og ein frekvensomformar for turtalsregulering.



Figur 4.10. Arrangement for Lassajavrre V3.

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabell 4.14 viser designdata for det turtalsregulerte aggregatet. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinen finst i Vedlegg 1.

		H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe
<b>Naudsynt brutto trykkhøgd</b>		131,0	152,0	173,0	175,6*
<b>Aggregat med fast turtal</b>					<b>Turtalsreg. aggregat (+10%)</b>
		min	Nominell	maks	min
Bruttofall turbin	$h_n$	[m]			130
Turtal	N	[rpm]			540
Slukeevne turbin	Q_Tu	[m³/s]			9,5
Effekt turbin	P_Tu	[MW]			9,5
Slukeevne pumpe	Q_Pu	[m³/s]			10,1
Effektforbruk pumpe	P_Pu	[MW]			14,5
					<b>160</b>
					<b>600</b>
					12
					<b>12,4</b>
					20
					<b>18,4</b>
					11,8
					<b>10,8</b>
					23,7
					<b>18,7</b>

Tabell 4.14. Designdata pumpeturbinar, Lassajavrre V3.

\*inkludert totalt falltap (2,6 m) i vassvegen

Sidan generatoren er designa for 25 MVA, kan aggregatet bruke opp til -23,7 MW ved maksimalt trykkhøgd og maksimalt turtal.

#### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 4.15 og 4.16 viser designdata og tal på einingar som er brukt for generatorar og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar for utstyret er vist i Vedlegg 1.

	# Aggregat	Tekniske data
Turtalsregulerte aggregat	1	25 MVA, 6 kV, 2,5 kA, $\cos \phi = 0.8$

Tabell 4.15. Designdata generator, Lassajavrre V3.


Komponent	# Einingar v / f / a *	Tekniske data	Kommentar
Hovudtransformator	1 / 0 / 0	132/6 kV, 25 MVA	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 1	6/0,4 kV; 0,63 MVA	
Statisk frekvensomformar	1 / 0 / 0	8 MW (2x4 MW)	
Høgspente brytarar	1 / 0 / 0		
Instrumentering og kontroll	6 / 0 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	
Elektrisk vern	6 / 0 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	

Tabell 4.16. Designdata elektrisk utstyr, Lassajavrre V3.

Ein luftkjølt statisk frekvensomformar opp til 15 MW er mogleg (omformar med middels spenning). Alternativt væskekjølte omformarar utan kjøleeiningar. Hovudtransformatoren er designa som 3-fase eining. Einfase er også mogleg.

#### Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 3 MW og 18 MW. I pumpedrift kan det turtalsregulerte aggregatet variere mellom -14 MW og -23,7 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom +3 MW og -14 MW ikkje er tilgjengeleg. Figur 4.5 under illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



Figur 4.11. Driftsområde for Lassajavrre V3.

#### **4.6.3 Bygningstekniske arbeid Lassajavrre V3**

I dette alternativet er det valt eit tverrsnittsareal på tillaupstunnelen på omtrent 20 m<sup>2</sup>, som gjer ei relativt låg vasshastigkeit på 0,6 m/s. Grunnen til at ein har valt så stort tverrsnitt samanlikna med slukeevna er at mindre tverrsnitt blir vanskelegare å drive, og dermed også dyrare. Utaupstunnelen får same tverrsnittsareal sidan vasshastigheita likevel blir låg. Tunneltverrsnittet får betyding for utsprengt volum, men gir samtidig mindre falltap i tunnelen, og er raskare å drive enn mindre tverrsnitt.

	Tverrsnittsareal [m <sup>2</sup> ]	Hastigkeit på vatnet [m/s]
Ufora tillaupstunnel	19,9	0,6
Trykkrøy i stål	4,0	3,0
Ufora utlaupstunnel	19,90	0,6

Tabell 4.17. Tverrsnittsareal i vassveg, Lassajavrre V3.

#### 4.6.4 Kostnadar Lassajavrre V3

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	34	
Stålkonstruksjonar	10	
Generator og elektrisk utstyr	81	
		125
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	104	
Tilkomsttunnelar og tverrlag	67	
		171
<b>Usikkerheit, 15%</b>		44
<b>Rentekostnadar i byggetida</b>		27
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		30
<b>Total kostnad</b>		396

Tabell 4.18. Kostnadsestimat, Lassajavrre V3.

#### 4.7 Alternative løysingar Lassajavrre


Det er valt å bruke same grunnleggande layout og trase for alle fire alternativa. Dette gjer det lettare å samanlikne tal frå ulike alternativ. Det finst likevel andre løysingar som også er moglege. Her er nokre av dei:

- Ei alternativ løysing for tunnelane er å lage dei med tunnelboremaskin (TBM) i staden for råsprentge tunnelar, eller å føre dei med betong. Da vil Manningstalet gå opp, og det vil vere mogleg å redusere tverrsnittsarealet utan at falltapa aukar. Det gir mindre sprenging.
- Det er no plassert ein spjeldventil i eit ventilkammer før overgangen til trykkrøyret. Denne ventilen er mogleg å byte ut med ei inntaksluke, eller ingen stengemekanisme i det heile. Valet kjem an på eigaren og NVE sine til ei kvar tid gjeldande sikkerheitskrav.
- Kontrollrommet er mogleg å flytte frå planlagt plassering saman med maskinsal til eit eige fjellrom. Begge delar gir omtrent same mengde utsprengt masse. Kontrollrommet kan også plasserast i dagen.
- Svingesjaktene kan gjerast større eller mindre. Det er også mogleg å lage svingesjaktene på skrå for å få meir fjelloverdekning. Det kan vere naudsynt om ein flyttar maskinsalen nedstraums. Ei anna løysing er å bruke svingekammer utan lufting. Her er det fleire moglege løysingar.

#### 4.8 Kostnadssamanlikning av alternativa

Figur 4.12 under viser skilnaden i spesifikke kostnadar (MNOK/MW) for dei fire ulike alternativa for Lassajavrre. Som ein kan sjå, er det minste alternativet (V3) det klart dyraste

prosjektet pr. MW. Spesifikk kostnad for dei to 3-dagars alternativa er berre litt høgare enn 1-dags alternativet. Skilnaden i kostnad for det mest fleksible 3-dagars alternativet samanlikna med det andre, er omtrent 8%. Andre kommentarar rundt skilnadar i spesifikk kostnad finst i kapittel 8.



**Figur 4.12. Spesifikke kostnad for ulike alternativ.**

## 5 FAGERVOLLAN

### 5.1 Eksisterande kraftverk og magasin

Fagervollan kraftverk ligg i Rana kommune i Nordland, og er eigd av Helgelandskraft Kraft AS. Kraftverket ligg mellom magasina Trolldalsvatnet, Isvatnet (oppstraums) og Nedre Fagervollvatnet/Holmvatnet (nedstraums). Nedstraums ligg også Sjona kraftverk i same system.

Kraftverket er valt fordi det ligg nært flere planlagde vindkraftparkar, både offshore og landfaste. I tillegg er det flaskehalsar både i sentral og regionalnettet. Hovuddata for kraftverket er oppgitt i tabell 5.1 og 5.2.



Figur 5.1. Geografisk plassering av Fagervollan kraftverk.

Installert effekt	21 MW
Slukeevne	7,4 m <sup>3</sup> /s
Produksjon	56 GWh/yr
Brutto trykkhøgd	227 m
Sett i drift	1990
Plassering av kraftstasjon	I fjell

Tabell 5.1. Hovuddata for Fagervollan kraftverk.

	Isvatnet	Holmvatnet
Øvre/nedre magasin	Øvre	Nedre
HRV	562,5 m.o.h.	275 m.o.h.
LRV	538,5 m.o.h.	254,3 m.o.h.
Magasinvolum	44 Mm <sup>3</sup>	72 Mm <sup>3</sup>

Tabell 5.2. Magasindata for Fagervollan kraftverk.

## 5.2 Generell layout for pumpekraftverket

### 5.2.1 Oversikt

For Fagervollan, er tre alternativ evaluert. Dei to første er dei vanlege 1-dags- og 3-dagars alternativa. I staden for 60-dagars alternativet, er tredje alternativ for Fagervollan eit der ein brukar delar av eksisterande vassveg, og der slukeevna i det nye pumpekraftverket er tilpassa det.

I alle tre alternativa er Isvatnet brukt som øvre magasin, og Holmvatnet som nedre magasin. I teorien kan ein også nytte Trolldalsvatnet, men dette vil skape utfordringar knytt til høgdeforskjellen mellom Isvatnet og Trolldalsvatnet.

Ein oversikt over dei vurderte alternativa er vist under.

Alternativ	Nominell slukeevne	Nominell effekt	# Aggregat
V1, 1 dag	522	1458	6
V2, 3 dagar	174	486	2
V3, Bruk av eksisterande vassveg	22,3	62	1

Tabell 5.3. Oversikt over føreslalte alternativ for Fagervollan pumpekraftverk.

### 5.2.2 Elektromekanisk utstyr

#### Trykkhøgd

Høgdeforskjellen mellom Isvatnet og Holmvatnet varierer mellom 308,2 m (når Isvatnet er fullt og Holmvatnet er på LRV) og 263,5 (når Isvatnet er på LRV og Holmvatnet er fullt). Pumpeturbinen er designa for å handtere heile dette spekteret, og med nominell trykkhøgd på 290,9 m.

#### Arbeidsvolum

Arbeidsvolumet for Fagervollan er 44 Mm<sup>3</sup> for alle tre alternativa, noko som tilsvrar heile magasinvolumet til Isvatnet.

Sidan det øvre magasinet er mindre enn det nedre, er pumpekraftverket designa for at ein held igjen eit stort reservevolum i det nedre magasinet. Med lavt nivå i nedre magasin får ein stor trykkhøgd og difor maksimal effekt.

Når det er stort tilsig grunna regn eller snøsmelting kan reservevolumet brukast til å samle vatn. Med høgare vasstand i det nedre magasinet vil trykkhøgd og effekt frå kraftverket gå ned.

#### Generell layout

Kraftverket er utstyrt med to turtalsregulerte aggregat for å få så stort driftsområde som mogleg, spesielt i pumpedrift. Aggregata med fast turtal klarar å handtere ein variasjon i trykkhøgd frå 263 til 308 m.

### 5.2.3 Bygningstekniske arbeid

#### Tilkomst

Kraftverket ligg omrent 50 km nordvest for Mo i Rana. Tilkomst til eksisterande kraftverk er fra Fv 12 via ein anleggsveg. Det finst gode hamneforhold i Mo i Rana.

#### Koplingsanlegg

Det nye koplingsanlegget er planlagt i nærleiken av eksisterande koplingsanlegg.

#### Topografi

Topografien kan gjere det utfordrande å få lagt tunnelar, tilkomsttunnelar, luker og inntak på rett nivå.


#### Geologi

Geologien i området består av gneisk granitt med variasjon i retning på gneisen aust-vest til nordvest-søraust.

Tidlegare erfaring med tunneldriving i området tyder på generelt godt fjell, men med nokre sjikt med gneis og nokre sprakefjellproblem. Desse problema vart handtert med ekstra reinsk og fjellbolting. Elles er ikkje eksisterande tunnelar i Fagervollan kraftverk forsterka.

#### Generell layout

På dette stadiet har ein valt å legge trase for vassvegen parallelt med eksisterande vassveg. På den måten veit ein meir om geologien, og risikoene er mindre enn for andre trasear. Som ein kan sjå frå figur 5.2, kan det vere mogleg å finne ein kortare trase, men dette må verifiserast med geologiske undersøkingar.



## **Figur 5.2. Topografi og moglege tunneltrasear for Fagervollan pumpekraftverk.**

Første del av tillauptunnelen er planlagt omtrent horisontal slik at trykket i tunnelen blir lågt. Dette gir lågare kostnad for eventuell forsterking av tunnelen. I enden av den første delen av tunnelen, 1350 nedstraums tunnelopninga, er det tenkt ei svingesjakt.

Det er planlagt at to og to aggregat deler tillaupts- og utlaupstunnel bortsett frå i V3-kor eksisterande tunnel blir brukt.

Inntaket/utlaupet i det øvre magasinet er planlagt utført som ein kanal med ei overgangssone optimert for å minimere falltap ved straum i begge retningar. Både i øvre og nedre magasin er det plassert inntaksrist og bjelkestengsel for tømming av vassvegen.

Svingesjakra er førebels planlagt som ei vertikal sprengt sjakt med eit areal som gir moglegheit for maksimal massesvinging tilsvarende +/-21 m.

Etter svingesjakra går tunnelen over i eit 45 graders trykkrør i stål som går ned til nivået for kraftstasjonen. Før trykkrøyet går inn i stasjonen deler det seg i to i ein bifurkasjon som gir eit separat rør til kvar turbin.

På grunn av noko mangefull geologisk informasjon, og med tanke på at det finst ein del dårlig fjellkvalitet i området, er det føreslått å plassere maskinsalen i same område som eksisterande kraftverk. Installasjonsnivået til pumpeturbinane er bestemt av designprogrammet. Maskinsalen er laga stor nok til å få plass til aggregata med kontrollrom og hjelpeutstyr.

Som for Lassajavrre er transformatorrommet plassert i eit eige fjellrom.

På nedstraums side av sugerøyret går utlaupsrøyra saman til ein utlaupstunnel pr. to aggregat. Ca. 100 meter nedstraums sugerøyret er det plassert ei ny svingesjakt. Denne svingesjakra er utforma på same måte som den i tillauptunnelen, men med moglegheit for omtrent +/- 11 meter massesvinging.

Utlauptunnelen er omtrent 800 meter lang.

Inntaket/utlaupet i nedre magasin er planlagt på same måte som i øvre magasin for å minimere tapa for straum i begge retningar, og med inntaksrist og bjelkestengsel.

### **5.3 Fagervollan V1 – 1 dag**

#### **5.3.1 Oversikt**

Fagervollan V1 er designa med 6 aggregat, og ein gjennomsnittleg slukeevne på  $522 \text{ m}^3/\text{s}$ , som svarar til å tømme magasinet på 24 timer. To av aggregata er turtalsregulerte.


Vassvegen består av tre tillauptunnelar, trykkrør av stål og tre utlaupstunnelar. Eksisterande magasin er tatt vare på slik dei er, men med nye inntak og utlaup.

#### **5.3.2 Elektromekanisk utstyr Fagervollan V1**

##### Hovuddata og arrangement

Turbin:	6 reversible Francis pumpeturbinar
Generator:	4 synkrone motor-generatorar ( $n = 333,3 \text{ rpm}$ )

2 asynkrone motor-generatorar (turtalsreg.+/- 10%)  
 Nominell effekt: 243 MW  
 Nominell trykkhøgd: 290,9 m  
 Nominell slukeevne: 97,8 m<sup>3</sup>/s (turbindrift)  
 76,2 m<sup>3</sup>/s (pumpedrift)



Figur 5.3. Arrangement for Fagervollan V1.

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabellen under viser designdata både for dei turtalsregulerte aggregata og dei med fast turtal. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinane finst i Vedlegg 2.

	H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe			
<b>Naudsynt brutto trykkhøgd</b>	263.5	285.9	308.2	314.8*			
<b>Aggregat med fast turtal</b>		<b>Turtalsreg. aggregat (+10%)</b>					
	min	<b>Nominell</b>	maks	min	<b>Nominell</b>	maks	
Bruttofall turbin	$h_n$ [m]	262.1	<b>290.9</b>	315.2	260	<b>290.9</b>	315
Turtal	N [rpm]	333.3	<b>333.3</b>	333.3	300	<b>333.3</b>	366.6
Slukeevne turbin	Q_Tu [m <sup>3</sup> /s]	93.1	<b>97.8</b>	84.8	90.1	97.8	85.4
Effekt turbin	P_Tu [MW]	214	<b>242.9</b>	242.9	212	<b>242.9</b>	242.9

Slukeevne pumpe	Q_Pu	[m <sup>3</sup> /s]	86.5	<b>76.2</b>	66.7	86	76.2	73.5
Effektforbruk pumpe	P_Pu	[MW]	239.2	<b>232</b>	221.2	187	232	242.9

**Tabell 5.4. Designdata pumpeturbinar, Fagervollan V1.**

\* inkludert totalt falltap (6,6 m) i vassvegen

#### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 5.5 og 5.6 under viser designdata og tal på einingar som er brukt for generatorar og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar av utstyret er vist i Vedlegg 2.

	# Aggregat	Tekniske data
Aggregat med fast turtal	4	300 MVA, 18 kV, 16,7 kA, cos φ = 0,8
Turtalsregulerte aggregat	2	300 MVA, 18 kV, 16,7 kA, cos φ = 0,85


**Tabell 5.5. Designdata generatorar, Fagervollan V1.**

Komponent	# Einingar v / f / a *	Tekniske data	Kommentar
Hovudtransformator	2 / 4 / 0	420/18 kV, 300 MVA	
Magnetiserings transformator	0 / 4 / 0	3,15 MVA 18/0,4 kV	
Magnetiseringstransformator hjelpesystem	0 / 4 / 0	0,5 MVA	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 2	18/10 kV; 10 MVA	For heile stasjonen
Statisk frekvensomformar	0 / 2 / 0	25 MW	
Statisk frekvensomformar	2 / 0 / 0	80 MW (2x40MW)	
Høgspente brytarar	2 / 4 / 0		
Instrumentering og kontroll	12 / 24 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat
Elektrisk vern	12 / 24 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat

**Tabell 5.6. Designdata elektrisk utstyr, Fagervollan V1.**

#### Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 50 MW og 1460 MW. I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -136 MW og -232 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -232 MW og -272 MW (2 \* -136 MW) ikkje er tilgjengeleg. Tilsvarande hòl i driftsområdet oppstår kvar gong eit nytt aggregat med fast turtal på 232 MW blir kopla inn. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -1392 MW. Figur 5.4 under illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



**Figur 5.4. Driftsområde for Fagervollan V1.**

### 5.3.3 Bygningstekniske arbeid Fagervollan V1

For 1-dags alternativet er utrekningane basert på ein layout med tre råsprenge tunnelar. Det er valt ei vasshastigkeit på 2,2 i tillauptunnelen, noko som tilsvrar eit tunneltværssnitt på 77 m<sup>2</sup> med hesteskoforma tverrsnitt. Hovuddimensjonane i vassvegen er vist under:

	Tverrsnittsareal [m <sup>2</sup> ]	Hastigkeit på vatnet [m/s]
Ufora tillauptunnel	77	2,2
Trykkrøyr i stål	33	5,1
Ufora utlaupstunnel	100	1,7

Tabell 5.7. Tverrsnittsareal i vassveg, Fagervollan V1.

### 5.3.4 Kostnadar Fagervollan V1

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	822	
Stålkonstruksjonar	209	
Generator og elektrisk utstyr	1357	
		2388
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	956	
Tilkomsttunnelar og tverrlag	101	
		1057
<b>Usikkerheit, 15%</b>		517
<b>Rentekostnadar i byggetida</b>		413
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		345
<b>Total kostnad</b>		4720

Tabell 5.8. Kostnadsestimat, Fagervollan V1.

## 5.4 Fagervollan V2 – 3 dagar

### 5.4.1 Oversikt


Fagervollan V2 er designa med to asynkrone aggregata og ein gjennomsnittleg slukeevne på 174 m<sup>3</sup>/s, som svarar til å tømme magasinet på 72 timer. Vassvegen består av ein tillauptunnel, trykkrøyr av stål og ein utlaupstunnel. Eksisterande magasin er tatt vare på slik dei er, men med nye inntak og utlaup.

### 5.4.2 Elektromekanisk utstyr Fagervollan V2

For dette alternativet er dei to asynkrone aggregata frå alternativ V1 installert i kraftverket. Sidan driftstida er 3 gonger lengre enn for V1, trengs berre to aggregata.

## Hovuddata og arrangement

2 reversible Francis pumpeturbinar med asynkrone motor-generatorar ( $n = 333,3$  rpm, turtalsregulert +/- 10%; nominell effekt: 242 MW; nominell trykkhøgd: 290,9 m) som i avsnitt 5.3.2.



Figur 5.5. Arrangement for Fagervollan V2.

## Designdata for Francis-pumpeturbinen

Sjå avsnitt 5.3.2 for designdata for pumpeturbinane.


## Designdata generator og elektrisk utstyr

Sjå avsnitt 5.3.2 for designdata for generator og elektrisk utstyr.

## Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 50 MW og 485 MW.

I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -136 MW og -232 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -232 MW og -272 MW (2 \* -136 MW) ikke er tilgjengeleg. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -464 MW. Figur 5.6 illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



Figur 5.6. Driftsområde for Fagervollan V2.

### **5.4.3 Bygningstekniske arbeid Fagervollan V2**

Fagervollan V2 er planlagt med same layout som V1, men med berre ein tunnel i staden for 3. Tverrsnittarealet i vassvegen er dei same som for V1.

### **5.4.4 Kostnad Fagervollan V2**

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	274	
Stålkonstruksjonar	70	
Generator og elektrisk utstyr	569	
		913
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	323	
Tilkomsttunnelar og tverrslag	88	
		411
<b>Usikkerheit, 15%</b>		199
<b>Rentekostnad i byggetida</b>		159
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		132
<b>Total kostnad</b>		1814

Tabell 5.9. Kostnadsestimat, Fagervollan V2.

## **5.5 Fagervollan V3 – Bruk av eksisterande vassveg**

### **5.5.1 Oversikt**

For Fagervollan ville eit 60-dagars alternativ gi ein nominell slukeevne på om lag  $8,7 \text{ m}^3/\text{s}$ . Sidan tverrsnittsarealet på eksisterande tillauptunnel er  $20 \text{ m}^2$ , ville ein da fått mykje ledig kapasitet i tunnelen med ei slik vassføring. Difor har ein valt å vurdere eit alternativ der eksisterande tunnelar blir betre utnytta.

Fagervollan V3 er difor designa slik at ein nyttar eksisterande tillauptunnel, og beheld dagens Francisturbin. I tillegg er det planlagt ein ny maskinsal med eit nytt turtalsregulert aggregat, og ein ny utlaupstunnel. Den nominelle slukeevna til det nye aggregatet er  $24 \text{ m}^3/\text{s}$ .

### **5.5.2 Elektromekanisk utstyr Fagervollan V3**

I tillegg til at Fagervollan V3 får eit nytt turtalsregulert Francisaggregat, er pumpekraftverket designa for å kunne køyre med hydraulisk kortslutning saman med dagens Francisturbin. Hydraulisk kortslutning er eit konsept som gjer at ein kan redusere effektforbruket i pumpedrift.

## Hovuddata og arrangement

Eksisterande Francisturbin:


Trykkhøgd	235 ... 287 m
Nominell effekt	15 MW ( $h = 235 \text{ m}$ ) ... 20,1 MW ( $h = 287 \text{ m}$ )
Nominell slukeevne	8,1 $\text{m}^3/\text{s}$
Nominelt turtal	1000 rpm
Diameter løpehjul	1050 mm
Installasjonsdjup	256 m.o.h.

Data for ny pumpeturbin:

Turbin:	1 reversibel Francis pumpeturbin
Generator:	1 synkron motor-generator ( $n = 600 \text{ rpm}$ , turtalsregulert +/- 10%)
Nominell effekt:	62 MW
Nominell trykkhøgd:	285 m
Nominell slukeevne:	23,5 $\text{m}^3/\text{s}$ (turbindrift) 21 $\text{m}^3/\text{s}$ (pumpedrift)

Den nye pumpeturbinen er designa for å kunne drivast aleine. Med ein nominell slukeevne på 24  $\text{m}^3/\text{s}$  er det mogleg å tømme det øvre magasinet på 23 dagar sjølv om dagens aggregat ikkje er i drift. Når det er behov for det, kan ein likevel køyre dagens aggregat samtidig som det nye.

Det er berre det nye aggregatet som kan brukast til pumping, men det er mogleg å køyre begge aggregata samtidig i ei hydraulisk kortslutning. Med eksisterande aggregat på maksimal effekt (+20 MW), og den nye pumpeturbinen i pumpedrift (effektforbruk -45 MW), får ein eit netto effektforbruk på -25 MW før tap. Dei hydrauliske tapa blir relativt store når ein driv kraftverket på den måten. Dette er likevel vanlig i Austerrike kor ein ofte nytta ei separat (fleirstegs) pumpe og ein Peltonturbin montert på same aksling til å drive i hydraulisk kortslutning for å få betre fleksibilitet i pumpedrifta.



Figur 5.7. Arrangement for Fagervollan V3

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabellen under viser designdata for den turtalsregulerte pumpeturbinen. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinen finst i Vedlegg 2.

	H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe
<b>Naudsynt brutto trykkhøgd</b>	263,5	285,9	308,2	316,3
				<b>Turtalsreg. aggregat (+10%)</b>
	min	<b>Nominell</b>	maks	min
Bruttofall turbin	$h_n$	[m]		260
Turtal	N	[rpm]		540
Slukeevne turbin	Q_Tu	[ $\text{m}^3/\text{s}$ ]		19,5
Effekt turbin	P_Tu	[MW]		45
Slukeevne pumpa	Q_Pu	[ $\text{m}^3/\text{s}$ ]		16
Effektforbruk pumpa	P_Pu	[MW]		45
				<b>600</b>
				<b>23,5</b>
				<b>62</b>
				<b>21</b>
				<b>65</b>
				<b>18,8</b>
				<b>62</b>

Tabell 5.10. Designdata pumpeturbin, Fagervollan V3.

\* inkludert totalt falltap (8,1 m) i vassvegen

#### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 5.11 og 5.12 viser designdata og tal på einingar som er brukt for generator og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar av utstyret er vist i Vedlegg 2.

	# Aggregat	Tekniske data
Turtalsregulert aggregat	1	85 MVA, 10,5 kV, 8,1 kA, $\cos \phi = 0.8$

Tabell 5.11. Designdata generator, Fagervollan V3

Komponent	# Einingar v / f / a *	Tekniske data	Kommentar
Hovudtransformator	1 / 0 / 0	132/10,5 kV, 90 MVA	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 1	10,5/0,4 kV; 1 MVA	
Statisk frekvensomformar	1 / 0 / 0	10 MW	Turtalsregulert/fast turtal
Høgspente brytarar	1 / 0 / 0		
Instrumentering og kontroll	6 / 0 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	
Elektrisk vern	6 / 0 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	


Tabell 5.12. Designdata elektrisk utstyr, Fagervollan V3.

#### Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 5 MW og 64 MW. Om begge turbinane er i drift samtidig, blir tapa i vassvegen relativt store, anslagsvis omtrent 1 MW. Maksimal samla effekt for det nye kraftverket blir difor omtrent 83 MW.

I pumpedrift kan det turtalsregulerte aggregatet variere mellom -45 MW og -65 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Når ein kører kraftverket i hydraulisk kortslutning, vil tapa bli store (anslagsvis 2 MW). Samla effektforbruk blir da -27MW (-45 MW pumpedrift +20 MW turbindrift -2 MW hydrauliske tap).

Det betyr at effektforbruk mellom +5 MW og -27/45 MW ikkje er tilgjengeleg. Figur 5.8 under illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



Figur 5.8. Driftsområde for Fagervollan V3.


#### Alternativ design med fast turtal

Om fleksibiliteten som eit turtalsregulert aggregat gir ikkje er naudsynt, er det eit alternativ å utstyre den same reversible pumpeturbinen med ein synkron generator med fast turtal. Med ei slik løysing kan ein bruke ein mindre frekvensomformar, samtidig som synkron generator er billigare enn asynkron. Dermed blir dette alternativet om lag 20 MNOK billeggare enn alternativet med turtalsregulering.

Dette alternativet er mindre gunstig ved dellast i turbindrift. Det kan berre regulerast ned til 7 MW, men maksimal effekt er framleis 64 MW. Som for det turtalsregulerte aggregatet, kan ein oppnå opp til 83 MW om ein kører nytt og gammalt aggregat samtidig.

I pumpedrift er effektforbruket ein direkte funksjon av trykkhøgda. Pumpekarakteristikken seier at effektforbruket blir mellom -61 MW (ved maksimal trykkhøgd) og -64 MW (ved minste trykkhøgd). Om ein driv kraftverket i hydraulisk kortslutning, blir totalt effektforbruk -43 MW (-61 MW pumpedrift +20 MW turbindrift – 2 MW hydrauliske tap).

Det betyr at effektforbruk mellom +7 MW og -43/61 MW ikkje er tilgjengeleg. Figur 5.9 under illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



**Figur 5.9. Driftsområde for Fagervollan V3, alternativ med fast turtal.**

For å oppsummere: Samanlikna med alternativet med fast turtal er det med turtalsregulert aggregat mykje meir fleksibel i pumpedrift. Med hydraulisk kortslutning er det berre eit område på 32 MW ein ikkje kan dekke. Alternativet med fast turtal har eit område på 50 MW det ikkje klarar å dekke. Om denne skilnaden er stor nok til å forsvare ein meirkostnad på 20 MNOK kjem an på rolla kraftverket er tiltenkt og forholda i marknaden.

### 5.5.3 Bygningstekniske arbeid Fagervollan V3

For at ikkje falltapa skal bli for store, er vasshastigheita i eksisterande tillaupstunnel sett til berre 1,2 m/s. Det gir ein nominell slukeevne på 24 m<sup>3</sup>/s for det nye aggregatet.

2 350 m av eksisterande tunnel blir brukt. Frå tunnelen blir det ei ny stålfora trykksjakt med 45 grader vinkel ned til nivået for det nye aggregatet omrent 60 meter under dagens turbin. Trykksjakta deler seg i to på det nivået der dagens maskinsal ligg slik at ein framleis kan forsyne dagens turbin med vatn. Den gamle trykksjakta blir stengt. Grunnen til at den nye turbinen ikkje plasserast i den gamle maskinsalen er kravet til sugehøgd som pumpeturbinen har.

På nedstraums side kjem det ein heilt ny utlaupstunnel, og ein må også bygge eit nytt inntak/utlaup i det nedre magasinet. Grunnen for dette er at eksisterande utlaupstunnel kjem ut i det nedre magasinet på eit nivå som ligg for høgt til å kunne brukast som inntak i pumpedrift. Den nye utlaupstunnelen blir kopla til det gamle nedstraums sugerøyret, slik at hydraulisk kortslutning blir mogleg.

Det blir bygd to nye svingetankar, ein oppstraums trykksjakta, og ein på nedstraums side kopla til tunnelen for hydraulisk kortslutning. Layout for dette alternativet er lettare å forstå om ein ser på layoutteikninga i Vedlegg 2.

### 5.5.4 Kostnad Fagervollan V3

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	57	
Stålkonstruksjonar	16	
Generator og elektrisk utstyr	117	
		190
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		

Tunnelar og fjellrom	67
Tilkomsttunnelar og tverrslag	70
	137
<b>Usikkerheit, 15%</b>	<b>49</b>
<b>Rentekostnad i byggetida</b>	<b>29</b>
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>	<b>33</b>
<b>Total kostnad</b>	<b>438</b>


Tabell 5.13. Kostnadsestimat, Fagervollan V3.

## 5.6 Alternative løysingar

Fagervollan kan designast med alternative løysingar av same type som for Lassajavrre, sjå avsnitt 4.7.

## 5.7 Kostnadssamanlikning av alternativa

Figur 5.10 viser fram skilnaden i spesifikke kostnader (MNOK/MW) for dei tre alternativa for Fagervollan. Som for Lassajavrre er spesifikk kostnad høgast for det minste alternativet, og minkar med storleiken på kraftverka.



Figur 5.10. Spesifikke kostnadar for ulike alternativ.

## 6 TROLLFJORD

### 6.1 Eksisterande kraftverk og magasin

Kraftverka Trollfjord I og II ligg innerst i Trollfjorden i Hadsel kommune i Nordland, og er eigd av Trollfjord Kraft AS. Trollfjord I nyttar vatten fra Trollfjordvatnet, mens Trollfjord II får vann fra Botnvatnet. Begge kraftverka har utlaup i fjorden. Skilnaden i nivå mellom Trollfjordvatnet og Botnvatnet gjer at det er potensial for å bygge pumpekraftverk mellom dei to magasina.

Trollfjord er valt fordi det er flaskehalsar i regional- og sentralnettet. Eksisterande kraftverk ligg på ei relativt overbelasta linje som forsyner Lofoten. I tillegg er det fleire planar for ny vindkraft i området.

Hovuddata for kraftverket er oppgitt i tabell 6.1 og 6.2.



Figur 6.1. Geografisk plassering av Trollfjord I og Trollfjord II kraftverk.

	Trollfjord I	Trollfjord II
Installert effekt	2,6 MW	1,4 MW
Slukeevne	1,9 m <sup>3</sup> /s	0,40 m <sup>3</sup> /s
Produksjon	13 GWh/yr	4 GWh/yr
Brutto trykkhøgd	178 m	420 m
Sett i drift	1952	1956
Plassering av kraftstasjon	I dagen	I dagen

Tabell 6.1. Hovuddata for Trollfjord I og II kraftverk.

	<b>Botnvatnet</b>	<b>Trollfjordvatnet</b>
Øvre/nedre magasin	Øvre	Nedre
HRV	451,9 m.o.h.	192 m.o.h.
LRV	439,9 m.o.h.	168,3 m.o.h.
Magasinvolum	3,6 Mm <sup>3</sup>	17 Mm <sup>3</sup>

**Tabell 6.2. Magasindata for kraftverka.**

## 6.2 Generell layout for pumpekraftverket

### 6.2.1 Oversikt

For Trollfjord er fire ulike alternativ vurdert. Det første er eit 1-dags alternativ med 2 aggregat. På grunn av det svake nettet i området har ein også vurdert eit andre 1-dags alternativ med 4 aggregat. Dei to alternativa representerer ulike gradar av fleksibilitet i pumpedrift. Ein får difor eit bilde på ekstrakostnaden ein må betale for auka fleksibilitet.

I Trollfjord er det øvre magasinet, Botnvatnet, mykje mindre enn det nedre magasinet, Trollfjordvatnet. Eit pumpekraftverk mellom dei to magasina får difor ikkje utnytta volumet i Trollfjordvatnet fullt ut. Difor har ein valt å vurdere eit tredje 1-dags alternativ der ein bygger ein ny dam ved Botnvatnet for å auke magasinvolumet der.

Det fjerde alternativet er ein 3-dagars variant. 60-dagars alternativet er ikkje tatt med for Trollfjord sidan det ville blitt så lite (<1 MW). Ein oversikt over dei alternativa som er vurdert er vist under.

<b>Alternativ</b>	<b>Nominell slukeevne</b>	<b>Nominell effekt</b>	<b># Aggregat</b>
V1, 1 dag	40 m <sup>3</sup> /s	100 MW	2
V1.1, 1 dag	40 m <sup>3</sup> /s	110 MW	4
V1.2, 1 dag, utviding av øvre magasin	155 m <sup>3</sup> /s	460 MW	4
V2, 3 dagar	14 m <sup>3</sup> /s	36 MW	2

**Tabell 6.3. Oversikt over føreslalte alternativ for Trollfjord pumpekraftverk.**

### 6.2.2 Elektromekanisk utstyr

#### Trykkhøgd

Høgdeforskjellen mellom Botnvatnet og Trollfjordvatnet varierer mellom 283,6 m (når Botnvatnet er fullt og Trollfjordvatnet er på LRV) og 247,9 m (Når Botnvatnet er på LRV og Trollfjordvatnet er fullt). Pumpeturbinen er designa for å handtere heile dette spekteret, og med nominell trykkhøgd på 265 m (for alternativ V1.2. er nominell trykkhøgd 285 på grunn av ein høgare dam ved Botnvatnet).

#### Arbeidsvolum

For alternativ 1, 1.1 og 2, er arbeidsvolumet 3,6 Mm<sup>3</sup>, noko som tilsvrar heile magasinvolumet til Botnvatnet. For alternativ 1.2, er arbeidsvolumet heile volumet til det nye Botnvatnet magasinet på 13,3 Mm<sup>3</sup>.

#### Generell layout

Det er brukt turtalsregulerte aggregat for alle alternativa for å oppnå så stort driftsområde som mogleg, og for å kunne reagere raskt på behov i nettet.

### **6.2.3 Bygningstekniske arbeid**

#### Tilkomst

Trollfjorden har ikkje tilkomst med veg i dag. Det finst ei lita hamn i nærleiken av eit av dei eksisterande kraftverka. Dei planlagde pumpekraftverka inkluderer ei oppgradering av hamna og nye tilkomstvegar. Dei nye tilkomstvegane er stor sett lagt i tunnel, men med vegar i dagen fram til inntak og andre anleggsdelar i dagen.

#### Koplingsanlegg

Det er ikkje valt noko endeleg plassering av koplingsanlegget, men det er føreslått i nærleiken av kraftstasjon/traforom.

#### Topografi

Fjellanlegga som er føreslått er plassert under god fjelloverdekning under ein kam mellom dei to magasina. Tilkomsttunnelar og behovet for å plassere luker og inntak/uttak på ønska nivå gir behov for tilkomstvegar i dagen.

#### Geologi

Geologien i området består av granittisk fjell med lineament i retning sør/sørvest-nord/nordaust, som vist i figur 6.2. Det kan også finnast forkastingar i området. Layouten er lagt innafor eit område omkransa av tre moglege forkastingar.



Figur 6.2. Geologisk kart over Trollfjordområdet som viser homogen fjellmasse med store lineament (NGU). Omtrentleg trase for ny tunnel vist med grønt.

#### Generell layout

For alle fire alternativa for Trollfjord vil to og to aggregat dele tillaupstunnel og utlaupstunnel. Traseen til vassvegen går mellom dei to magasina som vist i layoutteikningane i Vedlegg 3.

Inntaket/utlaupet iVdet øvre magasinet er planlagt utført som ein kanal med ei overgangssone optimert for å minimere falltap ved straum i begge retningar. Både i øvre og nedre magasin er det plassert inntaksrist og bjelkestengsel for tømming av vassvegen.

Tillaupstunnelen er omtrent 1500 m lang. Tunnelen er nært horisontal så langt som mogleg for å få så lågt trykk i tunnelen som mogleg. Dette gjer at behovet for sikring av fjellet blir mindre. I enden av den horisontale delen er det plassert ei svingesjakt.

Svingesjakra er førebels planlagt som ei vertikal sprengt sjakt med eit areal som gir moglegheit for maksimal massesvinging tilsvarende +/-12 m.

Etter svingesjaka går tunnelen over i eit 45 graders trykkrøyr i stål som går ned til nivået for kraftstasjonen. Før trykkrøyet går inn i stasjonen deler det seg i to i ein bifurkasjon som gir eit separat røyr til kvar turbin.

Maskinsalen er plassert slik at ein får god nok fjelloverdekning samtidig som ein får god nok avstand til bakkenivå der svingesjakta er plassert. Installasjonsnivået til pumpeturbinen er bestemt av designprogrammet. Maskinsalen er laga stor nok til å få plass til aggregata med kontrollrom og hjelpeutstyr. Som for Lassajavrre og Fagervollan er transformatoren plassert i eit eige fjellrom.

På nedstraums side av sugerøyret går utlaupsrøyra saman til ein utlaupstunnel pr. to aggregat. Ca. 100 meter nedstraums sugerøyret er det plassert ei ny svingesjakt. Denne svingesjakta er utforma på same måte som den i tillaupstunnelen, men med moglegheit for omrent +/- 10 meter massesvinging.

Utlauptunnelen er om lag 800 m lang.

Inntaket/utlaupet i nedre magasin er planlagt på same måte som i øvre magasin for å minimere tapa for straum i begge retningar, og med inntaksrist og bjelkestengsel.

## 6.3 Trollfjord V1 – 1 dag


### 6.3.1 Oversikt

Trollfjord V1 er designa med 2 aggregat, og ein gjennomsnittleg slukeevne på  $40 \text{ m}^3/\text{s}$ , som svarar til å tømme eller fylle Botnvatnet på 24 timer. Begge aggregata er turtalsregulerte. Vassvegen består av ein tillaupstunnel, trykkrøyr av stål og ein utlauptunnel. Eksisterande magasin er tatt vare på slik dei er, men med nye inntak og utlaup.

### 6.3.2 Elektromekanisk utstyr Trollfjord V1

#### Hovuddata og arrangement

Turbin:	2 reversible Francis pumpeturbinar
Generator:	2 asynkrone motor-generatorar ( $n = 500 \text{ rpm}$ , turtalsregulerte +/- 10%)
Nominell effekt:	50 MW
Nominell trykkhøgd:	265 m
Nominell slukeevne:	$22,3 \text{ m}^3/\text{s}$ (turbindrift) $18,4 \text{ m}^3/\text{s}$ (pumpedrift)



Figur 6.3. Arrangement for Trollfjord V1.

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabellen under viser designdata for dei turtalsregulerete aggregata. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinane finst i Vedlegg 3. Merk at sidan tunnelane er lange, er falltapa relativt høge.

		H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe
Naudsynt brutto trykkhøgd		247,9	265,8	283,6	291,1*
		min	Nominell	maks	Turtalsreg. aggregat (+10%)
Bruttofall turbin	$h_n$	[m]			
Turtal	N	[rpm]		247	265
Slukeevne turbin	$Q_{Tu}$	[ $\text{m}^3/\text{s}$ ]		450	500
Effekt turbin	$P_{Tu}$	[MW]		16,5	20,3
Slukeevne pumpe	$Q_{Pu}$	[ $\text{m}^3/\text{s}$ ]		36	50
Effektforbruk pumpe	$P_{Pu}$	[MW]		14	18,4
				37	52
					55

Tabell 6.4. Designdata pumpeturbinar, Trollfjord V1.

\* inkludert totalt falltap (7,5 m) i vassvegen

#### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 6.5 og 6.6 viser designdata og tal på einingar som er brukt for generatorar og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar av utstyret er vist i Vedlegg 3.

	# Aggregat	Tekniske data
Turtalsregulerte aggregat	2	65 MVA, 10,5 kV, 3,6 kA, $\cos \phi = 0,85$

Tabell 6.5. Designdata generatorar, Trollfjord V1.

Komponent	# Einingar	Tekniske data	Kommentar
Hovudtransformator	2 / 0 / 0	132/10,5 kV, 65 MVA	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 2	10,5/0,4 kV; 1 MVA	For heile stasjonen
Statisk frekvensomformar	2 / 0 / 0	10 MW	
Høgspente brytarar	2 / 0 / 0		
Instrumentering og kontroll	12 / 0 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat
Elektrisk vern	12 / 0 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat


Tabell 6.6. Designdata elektrisk utstyr, Trollfjord V1.

Dei statiske frekvensomformarane blir brukt til å starte opp i pumpedrift og for å bremse med energigjenvinning i turbindrift. For redundans/moglegheit til å redusere bremse/oppstartstida er det her føreslått to omformarar. Brytarane består av eit modulbasert skapsystem med effektbrytarar.

#### Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 10 MW og 100 MW.

I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -37 MW og -55 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -55 MW og -74 MW ( $2 * -37$  MW) ikkje er tilgjengeleg. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -110 MW. Figur 6.4 under illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



Figur 6.4. Driftsområde for Trollfjord V1.

#### **6.3.3 Bygningstekniske arbeid Trollfjord V1**

For 1-dags alternativet er utrekningane basert på ein layout med ein råsprengt tunnel. Det er valt ei vasshastigkeit på 2,0 m/s i tillaupstunnelen, noko som tilsvrar eit tunneltverrsnitt på 21 m<sup>2</sup> med hesteskoforma tverrsnitt. Hovuddimensjonane i vassvegen er vist under:

	Tverrsnittsareal [m <sup>2</sup> ]	Hastigkeit på vatnet [m/s]
Ufora tillaupstunnel	21	2,0
Trykkrøyri i stål	10,4	4,0
Ufora utlaupertunnel	30	1,4

Tabell 6.7. Tverrsnittsareal i vassveg, Trollfjord V1.

### 6.3.4 Kostnadars Trollfjord V1

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	101	
Stålkonstruksjonar	27	
Generator og elektrisk utstyr	212,6	
		340,2
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	99	
Tilkomsttunnelar og tverrslag	125	
		224
<b>Usikkerheit, 15%</b>		85
<b>Rentekostnadar i byggetida</b>		51
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		56
<b>Total kostnad</b>		756

Tabell 6.8. Kostnadsestimat, Trollfjord V1.

## 6.4 Trollfjord V1.1 – 1 dag, 4 aggregat

### 6.4.1 Oversikt


Trollfjord V1.1 er designa med 2 synkrone og 2 asynkrone aggregat, ein gjennomsnittleg slukeevne på  $40 \text{ m}^3/\text{s}$ . Vassvegen består av ein tillauptunnel som delar seg i to etter svingesjaka, trykkrøyr av stål og ein utlaupstunnel som før V1.

### 6.4.2 Elektromekanisk utstyr Trollfjord V1.1

For dette alternativet er det brukt to synkrone og to asynkrone aggregat. Nominell effekt for kvart av dei er difor halvparten av aggregata i V1.

#### Hovuddata og arrangement

Turbin:	4 reversible Francis pumpeturbinar
Generator:	2 synkrone motor-generatorar ( $n = 750 \text{ rpm}$ ), 2 asynkrone motor-generatorar (turtalsreg. $\pm 10\%$ )
Nominell effekt:	28 MW
Nominell trykkhøgd:	265 m
Nominell slukeevne:	11 $\text{m}^3/\text{s}$ (turbindrift) 9,4 $\text{m}^3/\text{s}$ (pumpedrift)



**Figur 6.5. Arrangement for Trollfjord V1.1.**

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabellen under viser designdata både for dei turtalsregulerte aggregata og dei med fast turtal. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinane finst i Vedlegg 3. Også i alternativ V1.1 er det relativt store tap i vassvegen.

			H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe
<b>Naudsynt brutto trykkhøgd</b>			247,9	265,8	283,6	291,8*
			<b>Aggregat med fast turtal</b>			<b>Turtalsreg. aggregat (+10%)</b>
			min	Nominell	maks	min
Bruttofall turbin	h_n	[m]	247	<b>265</b>	295	247
Turtal	N	[rpm]	750	<b>750</b>	750	675
Slukeevne turbin	Q_Tu	[m³/s]	11	<b>11</b>	10,7	9
Effekt turbin	P_Tu	[MW]	24,5	<b>27</b>	28	18
Slukeevne pumpe	Q_Pu	[m³/s]	10,2	<b>9,4</b>	8,6	7
Effektforbruk pumpe	P_Pu	[MW]	27,5	<b>27</b>	26	18,5

**Tabell 6.9. Designdata pumpeturbinar, Trollfjord V1.1.**

\* inkludert totalt falltap (8,2 m) i vassvegen

### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 6.10 og 6.11 under viser designdata og tal på einingar som er brukt for generatorar og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar av utstyret er vist i Vedlegg 3.

	# Aggregat	Tekniske data
Aggregat med fast turtal	2	35 MVA, 6 kV, 3,4 kA, $\cos \phi = 0,8$
Turtalsregulerte aggregat	2	35 MVA, 6 kV, 3,4 kA, $\cos \phi = 0,85$

**Tabell 6.10. Designdata generatorar, Trollfjord V1.1.**

Komponent	# Eininger	Tekniske data	Kommentar
	v / f / a *		
Hovudtransformator	2 / 2 / 0	132/6 kV, 40 MVA	
Magnetiserings transformator	0 / 2 / 0	0,4 MVA	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 2	6/0,4 kV; 1 MVA	For heile stasjonen
Statisk frekvensomformar	2 / 0 / 0	10 MW	
Statisk frekvensomformar	0 / 2 / 0	3 MW	
Høgspente brytarar	2 / 0 / 0		
Instrumentering og kontroll	12 / 12 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat
Elektrisk vern	12 / 12 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	6 per aggregat


**Tabell 6.11. Designdata elektrisk utstyr, Trollfjord V1.1.**

Dei statiske frekvensomformarane blir brukt til å starte opp i pumpedrift og for å bremse med energigjenvinning i turbindrift. For redundans/moglegheit til å redusere bremse/oppstartstida er det her føreslått to omformarar. Brytarane består av eit modulbasert skapsystem med effektbrytarar.

### Driftsområde for kraftstasjonen

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 5 MW og 100 MW.

I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -18 MW og -28 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -28 MW og -36 MW (2 \* -18 MW) ikkje er tilgjengeleg. Tilsvarande hòl i driftsområdet oppstår kvar gong eit nytt aggregat, med fast turtal, på 27 MW blir kopla inn. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -110 MW. Figur 6.6 illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.



**Figur 6.6. Driftsområde for Trollfjord V1.1.**

Samanlikna med alternativ V1 med 2 aggregat er dette alternativet meir fleksibelt i pumpedrift. Minste effektforbruk er redusert frå -37 MW til -18 MW.

#### **6.4.3 Bygningstekniske arbeid Trollfjord V1.1**

Trollfjord V1.1 er designa med same layout som V1 bortsett frå at tunnelen delar seg i to nedstraums svingesjaka. Om ein i standen hadde bygd to parallelle tunnelar ville tverrsnittet blitt for lite.

#### **6.4.4 Kostnad Trollfjord V1.1**

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	156	
Stålkonstruksjonar	31	
Generator og elektrisk utstyr	256	
		443
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar og fjellrom	125	
Tilkomsttunnelar og tverrslag	128	
		253
<b>Usikkerheit, 15%</b>		104
<b>Rentekostnadar i byggetida</b>		63
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>		70
<b>Total kostnad</b>		933

Tabell 6.12. Kostnadsestimat, Trollfjord V1.1.

### **6.5 Trollfjord V1.2 – 1 dag, 4 aggregat, utvida øvre magasin**


#### **6.5.1 Oversikt**

Ved å utvide det øvre magasinet (Botnvatnet), aukar arbeidsvolumet til 13,3 Mm<sup>3</sup>. Øvre nivå i magasinet blir da heva frå 451,9 m.o.h. til 480 m.o.h. For å tømme det utvida magasinet på 24 timer, må gjennomsnittleg slukeevne vere omtrent 155 m<sup>3</sup>/s.

#### **6.5.2 Elektromekanisk utstyr Trollfjord V1.2**

##### Hovuddata og arrangement

Turbin:	4 reversible Francis pumpeturbinar
Generator:	2 synkrone motor-generatorar (n = 428,6 rpm)
	2 asynkrone motor-generatorar (turtalsreg +/- 10%)
Nominell effekt:	115 MW
Nominell trykkhøgd:	285 m
Nominell slukeevne:	42 m <sup>3</sup> s (turbindrift)
	35 m <sup>3</sup> /s (pumpedrift)



Figur 6.7. Arrangement for Trollfjord V1.2.

#### Designdata for Francis-pumpeturbinen

Tabell 6.13 viser designdata både for dei turtalsregulerte aggregata og dei med fast turtal. Fysiske dimensjonar og typeteikningar av turbinane finst i Vedlegg 3.

			H_min	H_snitt	H_maks	H_maks pumpe	
<b>Naudsynt brutto trykkhøgd</b>			247,9	285,8	311,7	317,4*	
<b>Aggregat med fast turtal</b>				<b>Turtalsreg. aggregat (+/-10%)</b>			
			min	Nominell	maks	min	Nominell maks
Bruttofall turbin	$h_n$	[m]	247	<b>285</b>	317	247	<b>285</b> 320
Turtal	N	[rpm]	428,6	<b>428,6</b>	428,6	385,7	<b>428,6</b> 471,5
Slukeevne turbin	$Q_{Tu}$	[m³/s]	42	<b>44</b>	38	38,3	<b>44</b> 41
Effekt turbin	$P_{Tu}$	[MW]	87	<b>115</b>	115	83	<b>115</b> 115
Slukeevne pumpe	$Q_{Pu}$	[m³/s]	40	<b>35</b>	29,5	30	<b>35</b> 32
Effektforbruk pumpe	$P_{Pu}$	[MW]	112,5	<b>110</b>	100	78	<b>110</b> 115

Tabell 6.13. Designdata pumpeturbinar, Trollfjord V1.2.

\* inkludert totalt falltap (5,7 m) i vassvegen

### Designdata generator og elektrisk utstyr

Tabell 6.14 og 6.15 viser designdata og tal på einingar som er brukt for generatorar og elektrisk utstyr. Fysiske dimensjonar av utstyret er vist i Vedlegg 3.

	# Aggregat	Tekniske data
Aggregat med fast turtal	2	145 MVA, 14 kV, 6 kA, $\cos \phi = 0.8$
Turtalsregulerte aggregat	2	145 MVA, 14 kV, 6 kA, $\cos \phi = 0.85$

**Tabell 6.14. Designdata generatorar, Trollfjord V1.2.**

Komponent	# Einingar v / f / a *	Tekniske data	Kommentar
Hovudtransformator	2 / 2 / 0	420/14 kV, 145 MVA	
Magnetiseringstransformator	0 / 2 / 0	1,6 MVA, 14/0,4 kV	
Magnetiseringstransformator hjelpesystem	0 / 2 / 0	0,25 MVA, 14/0,4 kV	
Stasjonstransformator	0 / 0 / 2	14/10 kV; 8 MVA	
Statisk frekvensomformar	2 / 0 / 0	30MW (2x15 MW)	
Statisk frekvensomformar	0 / 2 / 0	12 MW	
Høgspente brytarar	0 / 2 / 0		
Instrumentering og kontroll	12 / 12 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	
Elektrisk vern	12 / 12 / 4	6 skap pr. aggregat + 4 for heile stasjonen	


**Tabell 6.15. Designdata elektrisk utstyr, Trollfjord V1.2.**

### Driftsområde for kraftstasjonen

Dette alternativet er meir fleksibelt i pumpedrift samanlikna med V1 sidan ein har fleire aggregat. Med utvidinga av øvre magasin får ein ein effekt i kraftverket som er omtrent 4,5 gongar så stor som dei andre alternativa.

I turbindrift kan kraftstasjonen drivast trinlaust mellom 23 MW og 460 MW. I pumpedrift kan dei turtalsregulerte aggregata variere mellom -78 MW og -115 MW avhengig av trykkhøgd og turtal. Det betyr at effektforbruk mellom -115 MW og -156 MW (2 \* -78 MW) ikkje er tilgjengeleg. Tilsvarande hòl i driftsområdet oppstår kvar gong eit nytt aggregat, med fast turtal, på 110 MW blir kopla inn. Maksimalt effektforbruk i pumpedrift er -450 MW.

Området mellom -340 MW (1 \* -110 MW + 2 \* -115 MW) og -376 MW (2 \* -110 MW + 2 \* -78 MW) kan ein eventuelt dekke med eit tredje turtalsregulert aggregat. Men sidan det truleg ikkje er behov for dette området så ofte er det tvilsamt om de ekstra kostnadane med eit ekstra turtalsregulert aggregat kan forsvaraast. Figur 6.8 illustrerer driftsområdet til pumpekraftverket.




**Figur 6.8. Driftsområde Trollfjord V1.2.**

### 6.5.3 Bygningstekniske arbeid Trollfjord V1.2

Sidan Botnvatnet er mykje mindre enn Trollfjordvatnet er det mogleg å auke arbeidsvolumet kraftig om ein aukar volumet i Botnvatnet.

Topografien tyder på at dette er mogleg ved å bygge ein ny dam i den sørlige enden av Botnvatnet. I denne rapporten er det planlagt ein ny steinfyllingsdam som er omtrent 30 m høg. Dette vil heve HRV til 480 m.o.h. og auke magasinvolumet til om lag 13,3 Mm<sup>3</sup>. I høve geologien er det truleg mogleg å bygge dammen enda høgare, men det er truleg grenser for kva ein kan få konsesjon til med tanke på miljø og at dammen blir synlig frå fjorden. Figur 6.9 viser ei skisse av tenkt plassering for ny dam.



Figur 6.9. Skisse som viser plassering av ny dam ved Botnvatnet (svart). Eksisterande dammar er vist med raudt.

Design av vassvegen er som for alternativ V1.1, berre med auka tverrsnittsareal. Det er valt ei vasshastigkeit på 2,3 i tillauptunnelen, noko som tilsvrar eit tunneltverrsnitt på 67 m<sup>2</sup> med hesteskoforma tverrsnitt. Hovuddimensjonane i vassvegen er vist under:

	Tverrsnittsareal [m <sup>2</sup> ]	Hastigkeit på vatnet [m/s]
Ufora tillauptunnel	67	2,3
Trykkrøyr i stål	19,2	4,0
Ufora utlaupstunnel	103	1,5

Tabell 6.16. Tverrsnittsareal i vassveg, Trollfjord V1.2.

### 6.5.4 Kostnadar Trollfjord V1.2

	MNOK	MNOK
<b>Elektromekanisk utstyr</b>		
Pumpeturbinar	316	
Stålkonstruksjonar	181	
Generator og elektrisk utstyr	615	
		1112
<b>Bygningstekniske arbeid</b>		
Tunnelar, fjellrom og ny dam	489	

Tilkomsttunnelar og tverrslag	148
	637
<b>Usikkerheit, 15%</b>	<b>262</b>
<b>Rentekostnad i byggetida</b>	<b>210</b>
<b>Planlegging og administrasjon, 10%</b>	<b>175</b>
<b>Total kostnad</b>	<b>2396</b>

Tabell 6.17. Kostnadsestimat, Trollfjord V1.2

## 6.6 Trollfjord V2 – 3 dagar

### 6.6.1 Oversikt


Trollfjord V2 er designa med bruk av dagens magasinvolum (inga utviding av Botnvatnet). Det blir to aggregat med samla gjennomsnittleg slukeevne på 14 m<sup>3</sup>/s. Vassvegen består av ein tillaupstunnel, trykkrøyr av stål og ein utlaupstunnel.

### 6.6.2 Elektromekanisk utstyr Trollfjord V2
